

BJARTE FOLKESTAD, DAG ARNE CHRISTENSEN, KRISTIN STRØMSNES
OG PER SELLE

Frivillig innsats i Noreg 1998-2014

Kva kjenneteikner dei frivillige og kva har endra seg?

Bjarte Folkestad, Dag Arne Christensen,
Kristin Strømsnes og Per Selle

Frivillig innsats i Noreg 1998-2014

Kva kjenneteikner dei frivillige og kva har endra seg?

Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor

Bergen/Oslo 2015

© Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor 2015
Rapport 2015:4

Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor
Co/Institutt for samfunnsforskning
Munthes gate 31
Postboks 3233 Elisenberg
0208 Oslo
www.sivilsamfunn.no

ISBN (Print): 978-82-7763-479-1
ISBN (Online): 978-82-7763-480-7

ISSN (Print): 1891-2168
ISSN (Online): 1891-2176

Rapporten er finansiert av Kulturdepartementet gjennom prosjektet «Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor». Senteret er et samarbeidsprosjekt mellom Uni Research Rokkansenteret og Institutt for samfunnsforskning.

Innhald

Innhald	4
Liste over tabellar	7
Liste over figurar.....	9
Innleiing	10
Tidlegare forskning og endring i omgjevnadane	13
Endringar i omgivelsene.....	14
Rapportens data- og metodegrunnlag	18
Nivået og omfanget av den frivillige innsatsen i Noreg	
1998-2014	23
Nivået på det frivillige arbeidet for organisasjonane 1998-2014	25
Frivillig arbeid fordelt på organisasjonstypar	26
Omfanget av frivillig arbeid.....	29
Kjernefrivillige – grunnfjellet i frivilliglivet står støtt	33
Frivillig arbeid og medlemskap.....	35
Oppsummering av nivået og omfanget av frivillig innsats i Noreg	
1998-2014.....	35
Frivillig arbeid og sosial bakgrunn	37
Utvikling i samanhengen mellom frivillig arbeid og sosial	
bakgrunn over tid	41
Samheng mellom frivillig arbeid for ulike organisasjonstypar	
og sosial bakgrunn.....	50
Timar frivillig arbeid og sosial bakgrunn	59
Kjernefrivillige og sosial bakgrunn	61
Medlemsfrivillige og sosial bakgrunn	62
Oppsummering frivillig arbeid og sosial bakgrunn	63
Oppsummering og konklusjon.....	65

Appendiks A: Korleis måle frivillig innsats?	73
Kva er frivillig innsats og korleis måler me det?	73
Appendiks B: Resultattabellar og figurar frå dei ulike regresjonsanalysene	79
Referansar	92
Samandrag/Abstract.....	95

Liste over tabellar

<i>Tabell 1. Oversikt over gjennomførte undersøkingar om frivillig innsats i Noreg i perioden 1998-2014</i>	20
<i>Tabell 2. Prosentdel som har utført frivillig arbeid for organisasjonar siste 12 månader, 1998-2014. Prosent.</i>	25
<i>Tabell 3. Prosentdel som har utført frivillig arbeid for organisasjonar siste fire veker, 1998-2014. Prosent.</i>	26
<i>Tabell 4. Frivillig arbeid fordelt etter organisasjonstypar, 1998-2014. Prosentdel av frivillige. Prosent (Fleire svar mogleg).</i>	27
<i>Tabell 5. Frivillig arbeid fordelt etter organisasjonstypar, 1998-2014. Prosentdel av befolkninga. Prosent (Fleire svar mogleg).</i>	29
<i>Tabell 6. Antal organisasjonar frivillige har utført frivillig arbeid for siste 12 månader, 1998-2014. Prosent.</i>	30
<i>Tabell 7. Antal timer nytta på frivillig arbeid siste fire veker, 1998-2014.</i>	31
<i>Tabell 8. Antal timer nytta på frivillig arbeid siste fire veker etter organisasjonstypar, 1998-2014.</i>	31
<i>Tabell 9. Gjennomsnittleg antal timar frivillig arbeid, etter tal på organisasjonar ein har utført frivillig arbeid for og årstal.</i>	33
<i>Tabell 10. Prosentdel av dei frivillige som er medlemmar av minst ein organisasjon dei har utført frivillig arbeid for siste 12 månader. Prosent.</i>	35
<i>Tabell 11. Prosentdel som har utført frivillig arbeid siste 12 månader etter kommunesentralitet. Prosent.</i>	41
<i>Tabell 12. Liste over avhengige og uavhengige variablar.</i>	42
<i>Tabell 13. Sannsyn for å ha utført frivillig arbeid siste 12 månader etter kjønn og undersøkingsår. Prosent.</i>	45
<i>Tabell 14. Sannsyn for å ha utført frivillig arbeid siste 12 månader etter utdanning og undersøkingsår. Prosent.</i>	45
<i>Tabell 15. Sannsyn for å ha utført frivillig arbeid siste 12 månader etter om ein har barn i hushaldet eller ikkje og undersøkingsår. Prosent.</i>	46

<i>Tabell 16. Sannsyn for å ha utført frivillig arbeid siste 12 måneder etter sivil status og undersøkingsår. Prosent.....</i>	<i>48</i>
<i>Tabell 17. Sannsyn for å ha utført frivillig arbeid siste 12 måneder. Samla analyse. Prosent.....</i>	<i>48</i>
<i>Tabell 18. Sannsyn for å ha utført frivillig arbeid for organisasjonar utanom idretten siste 12 måneder. Samla analyse. Prosent.</i>	<i>52</i>
<i>Tabell 19. Sannsyn for å ha utført frivillig arbeid for idrettsorganisasjonar siste 12 måneder. Samla analyse. Prosent.....</i>	<i>53</i>
<i>Tabell 20. Sannsyn for å ha utført frivillig arbeid for velforeningar siste 12 måneder. Samla analyse. Prosent.....</i>	<i>54</i>
<i>Tabell 21. Sannsyn for å ha utført frivillig arbeid for hobby- og fritidsorganisasjonar siste 12 måneder. Samla analyse. Prosent.....</i>	<i>55</i>
<i>Tabell 22. Sannsyn for å ha utført frivillig arbeid for hobby- og fritidsorganisasjonar siste 12 måneder etter kjønn og årstal. Prosent.</i>	<i>56</i>
<i>Tabell 23. Sannsyn for å ha utført frivillig arbeid for kunst- og kulturorganisasjonar siste 12 måneder. Samla analyse. Prosent.....</i>	<i>57</i>
<i>Tabell 24. Estimert antal timar utført frivillig arbeid siste fire veker. Samla anlyse.</i>	<i>60</i>
<i>Tabell 25. Sannsyn for å være kjernefrivillig blant dei som har utført frivillig arbeid siste 12 måneder. Samla analyse. Prosent.</i>	<i>61</i>

Liste over figurar

<i>Figur 1. Utdanningsnivået i befolkninga 1998-2013. Prosent.....</i>	<i>14</i>
<i>Figur 2. Prosentdel som har høgare utdanning etter kjønn. Prosent.</i>	<i>15</i>
<i>Figur 3. Kjernefrivillige. Prosentdel av befolkninga og gjennomsnittleg antal timer utført frivillig arbeid siste fire veker, 1998-2014.</i>	<i>34</i>
<i>Figur 4. Frivillig innsats for organisasjonar etter alderskategoriar. Prosent.</i>	<i>37</i>
<i>Figur 5. Prosentdel som har utført frivillig arbeid siste 12 månader etter utvalte sosiale kjenneteikn. Prosent</i>	<i>39</i>
<i>Figur 6. Sannsyn for å ha utført frivillig arbeid siste 12 månader etter alderskategori og undersøkingsår. Prosent.</i>	<i>44</i>
<i>Figur 7. Sannsyn for å ha utført frivillig arbeid siste 12 månader etter hushaldets inntektskategori og undersøkingsår. Prosent.</i>	<i>47</i>
<i>Figur 8. Frivillig deltaking etter utdanning, om ein har barn og årstal. Prosent</i>	<i>50</i>
<i>Figur 9. Prosentdel personar som har utført frivillig arbeid siste 12 månader for utdanningsorganisasjon etter om ein har barn eller ikkje og årstal. Prosent</i>	<i>59</i>
<i>Figur 10. Medlemskap i organisasjonen ein utfører frivillig arbeid for etter aldersgruppe og årstal. Prosent.</i>	<i>63</i>

Innleiing

I denne rapporten ser me på korles stoda er for den frivillige innsatsen i Noreg i 2014, og korleis den har utvikla seg sidan me gjennomførte den fyste Frivillig-innsats-studien i 1998. Rapporten har primært eit empirisk siktemål, men dei spørsmåla me her søkjer svar på er likevel teoretisk informerte og er heilt sentrale i den internasjonale forskinga på det frivillig.

Det mest sentrale spørsmålet me skal søkja svar på gjeld omfanget av det frivillige. Det handlar om kor mange som deltek. Er det fleire no enn før, og kven er dei? Har det skjedd endringar i sosiodemografiske kjenneteikn i perioden? Å få svar på kor mange som deltek og kva som kjenneteiknar dei er heilt sentralt for å kunne forstå det frivillige si rolle i eit samfunn.

Tidsbruk er ein heilt sentral dimensjon i forståinga av frivillig innsats. For å kunne få eit samla bilete må me ikkje berre ha oversikt over kor mange og kven frivillige dei er, men også over kor mykje tid den einskilde bruker på frivillig innsats og korleis dette har endra seg over tid. Er det visse grupper som nyttar mykje tid på dette mens det for andre berre er ein svært avgrensa aktivitet i ein elles travel kvardag? Kva kjenneteiknar i tilfelle ulike gruppene her?

For å forstå kva rolle det frivillige har i eit samfunn er ikkje kunnskap om omfang og tidsbruk nok, me treng også å vita meir om kva typar aktivitet det er snakk om. Det handler om kor differensiert det frivillige er. Er det kultur- og fritidsfeltet som dominerer? Kor viktig er idretten? Deltar me i aukande grad innafor helse- og sosialfeltet ettersom velferdsutfordringane er store og velferdsstaten knapt kan løysa alt? Kva endringar har skjedd her?

Eit anna viktig spørsmål er i kor stor grad den frivillige innsatsen er frivillig. Blir foreldre og andre nære familiemedlemmer nærast tvinga til å bidra i firtidsaktivitetane til egne barn? Knytta til denne diskusjonen er også det meir overordna spørsmålet om kva som eigentleg er frivillig innsats og korleis dette kan målast. Rapporten er innom dette spørsmålet og dei utfordringane dette reiser både for datainnsamling og for tolking av data.

Dei spørsmåla me har reist så langt gjeld først og fremst det individuelle nivået, altså i kva grad og korleis den einskilde engasjerar seg. Men frivillig innsats er ikkje berre uttrykk for individuelle valg knytta til motivasjon og kva ressursar den einskilde har. Det har i stor grad også å gjera med kva kontekst det frivillige arbeidet går føre seg i.

Det vanlege i norsk og skandinavisk samanheng har vore at det aller meste av den frivillige innsatsen går føre seg i regi av dei frivillige organisasjonane sjølve. Eit viktig spørsmål som rapporten prøver å svare på er i kor stor grad frivillig innsats har utspring i organisasjonane? Har det her vore endringar over tid? Deltar den einskilde primært i éin type organisasjon eller er det vanleg å fordela den frivillige innsatsen på fleire organisasjonar? Kva kjenneteiknar de som vel ulike alternativ her? Og ikkje minst, i kor stor grad er den einskilde medlem av dei organisasjonane han eller ho deltar i. Er det medlemmene som primært utfører den frivillige innsatsen, enten det gjeld å arbeide direkte for organisasjonen eller for å utføre arbeidsoppgåver for andre? Har det vore ei utvikling der stadig fleire utfører frivillig innsats i regi av organisasjonane utan å vera medlem i dei same organisasjonane? Eller er det slik at medlemskap, som jo har vore eit hovедkjenneteikn ved norsk frivilligliv, framleis er eit fundamentalt kriterie for å forstå den frivillige innsatsen?

Kor viktige dei frivillige organisasjonane er og på kva måte dei er viktige, må også knyttast til i kva grad frivillig innsats foregår i heilt andre «settingar» enn der organisasjonane er tilstades eller er den primære institusjonen. Har det her vore endringar over tid der det frivillige også i aukande grad utspelar seg innafor offentlege institusjonar og med utgangspunkt i næringslivet, slik jo situasjonen er i mange land utanfor Skandinavia? Har f.eks. press på velferdsstaten ført til auka frivillig aktivitet i offentlege velferdsinstitusjonar også hjå oss? Og vidare, har idétraumar om auka samfunnsansvar innan næringsverksemd også ført til auka frivillig deltaking med utspring i næringsinstitusjonane?

Det er heilt sentralt å forstå den konteksten det frivillige går føre seg i og endringar i denne, for å kunna seia noko om kor viktig det frivillige er i samfunnet på ulike tidspunkt. Slike kontekstuelle rammer møter og spelar saman med ressursane og motivasjonen til den einskilde på ulike og komplekse måtar. Samla sett kan dette gje oss grunnleggjande innsikt i hovедkjenneteikn ved det frivillige og den frivillige innsatsen og utfordringar den står overfor.

Rapporten starter med eit kort riss av tidlegare forskning og eventuelle endringar i omgjevnadane i Noreg. Deretter vert rapportens data- og metodegrunnlag kort presentert, før me går over til å sjå på nivået og omfanget av den frivillige innsatsen i perioden 1998-2014. Dette vert etterfulgt av ein analyse av frivillig arbeid og sosiale bakgrunnsvariablar.

I oppsummeringa vil me gje kontekst til funna våre ved å kort kommentere korleis norske forhold høver med situasjonen elles i Skandinavia.¹

1. I denne rapporten nyttar me uttrykk som «frivillig innsats», «frivillig arbeid», «frivillig deltaking» «frivillig engasjement» og tilsvarande ord og uttrykk om kvarandre. Sjå elles Appendiks A for drøfting kring bruk av omgrep og ordlyd knytt til det å måle det frivillige.

Tidlegare forskning og endring i omgjevnadane

Sosial ulikskap i det frivillige arbeidet er eit klassisk tema i forskinga (sjå t.d. Wollebæk, Selle og Lorentzen 2000; Wollebæk og Sivesind 2010; Wollebæk, Sætrang og Fladmoe 2015). Den såkalla *ressursmodellen* (eller den sosiologiske modellen) ser deltaking i forhold til faktorar som utdanning, kjønn, alder, inntekt, landbakgrunn, livsfase og sosiale nettverk. Forsking viser at sosiale resursar spelar ei rolle for kven som deltek i frivillig arbeid. Ressurssterke menneske deltek i større grad enn ressursvake, både i organisasjonslivet og i samfunnet elles (Olsen og Sætren 1980; Verba; Schlozman og Brady 1995; Togeby 2003). Grupper som i mindre grad er aktive i sivilsamfunnet er dei som har låg inntekt eller er trygda, i tillegg til unge menn med låg utdanning og minoritetsgrupper (Wollebæk og Sivesind 2010: 99). Med bakgrunn i tal frå 1997(8), 2004 og 2009 skriv Wollebæk og Sivseind at det er «...en klar og systematisk marginalisering av svake grupper, som gjør at de som er på innsiden av organisasjonssamfunnet øker sine sosiale ressurser, kontaktnettverk, kvalifikasjoner og livskvalitet, mens de som står utenfor ikke får tilgang på dette» (ibid)². Forskarane fann den gongen at organisasjonssamfunnet var prega av auka forskjellar over tid.

Eit anna viktig aspekt ved den sosiologisk orienterte forskinga er at frivillig arbeid gjerne vert sett i eit livsfase-perspektiv. Frivillig arbeid er sterkt kopla til familieliv, skule og arbeid, og dermed til dei stadia ein er på i livet. Dette vil igjen kunne ha innverknad på kor langsiktig engasjementet vert. Dei unge vert kopla til frivillig arbeid gjennom sine fritidsaktivitetar, dei vaksne gjennom foreldrerolla, medan punktum for det frivillige engasjementet ofte vert sett når ein vert eldre. Med bakgrunn i nye tal for 2014 vil me i analysen undersøke om dei sosiale skilnadane framleis er aukande og om


2. I tidlegare arbeid (som til dømes Wollebæk og Sivesind 2010) har den fyrste undersøkinga blitt referert til som 1997. Dette for denne undersøkinga vart gjennomført i 1998 med omtale av frivillig arbeid 12 månader attende i tid. I denne rapporten refererer me derimot til dei årstala undersøkingane faktisk vart gjennomførte.

livsfaseperspektivet har fått meir eller mindre å seie over tid. Dette er eit heilt sentralt siktemål med denne rapporten: nemleg å undersøke endringar, eller fråvær av endringar, over tid.

Endringar i omgivelsene

Endringar over tid må og sjåast i samanheng med endringer elles i samfunnet. Eit døme på ein viktig individuell resurs er utdanning, og me skal sjå korleis utdanningsnivået i befolkninga har endra seg i den perioden me ser på. Figur 1 viser at talet på personar med høgare utdanning har auka gjennom perioden. I 1998 hadde om lag 21 prosent av befolkninga høgare utdanning. I 2014 har dette stege til rundt 30 prosent. Talet på personar som berre har grunnskule går derimot ned. I 1998 hadde i underkant av 35 prosent av befolkninga grunnskule som høgste utdanningsnivå, medan talet i 2014 hadde minka til 28 prosent. Talet på personar med vidaregåande skule som høgste utdanning held seg på si side stabilt på mellom 42 og 44 prosent av befolkninga gjennom heile perioda.

Figur 1. Utdanningsnivået i befolkninga 1998-2013. Prosent.




Kjelde: www.ssb.no

Eit interessant aspekt med desse endringane er at det er spesielt kvinnene som har auka sitt utdanningsnivå. Figur 2 viser at medan 20 prosent av kvinnene hadde høgare utdanning i 1997, gjaldt dette 33 prosent i 2013. Blant menn er auken mindre, frå 21 til 27 prosent. Det er dermed ein større prosentdel

kvinner med høgare utdanning i 2013 samanlikna med 1997. Spørsmålet er om me kan sjå desse endringane igjen blant dei frivillige. Er utdannings-skilnadane framleis like sterke? Er forskjellane mellom menn og kvinner blitt redusert?

Figur 2. Prosentdel som har høgare utdanning etter kjønn. Prosent.



Kjelde: www.ssb.no

Vårt hovudfokus er på forholdet mellom innbyggjarane sin sosiale bakgrunn og frivillig arbeid. Andre perspektiv vil derimot vere både nyttige og ikkje minst naudsynte med omsyn til å tolke våre funn. Det gjeld til dømes *sosial-psykologiske tilnærmingar* som legg vekt på haldningar, motiv og interesser for å forklare frivillig engasjement. Kva ein meiner, bestemmer kva ein gjer. Innbyggjarar som er interesserte i frivillig arbeid, og som kan identifisere seg med organisasjonssamfunnet, er forventa å delta oftare enn andre. Dette er tilhøve som me i liten grad ser på i denne rapporten, men det vart gjennomført ei brei undersøking av motivasjon for frivillig innsats av Wollebæk, Sætrang og Fladmoe (2015). Dei finn mellom anna at manglande interesse er ein av mange grunnar til at innbyggjarane ikkje deltek i frivillig arbeid. Dei som faktisk deltek vert mellom anna motivert av «å handle i tråd med sine verdier» (ibid). Også *økonomisk teori* (rasjonelle modellar) kan ha noko å tilføre denne forskinga. I dette perspektivet er utgangspunktet den enkelte innbyggjar sine vurderingar av vinsten og kostnaden knytt til deltaking i frivillig arbeid. Eit døme er dei unge som oftare enn eldre grunnjev sitt engasjement med kva dette kan gje av utteljing på arbeidsmarknaden (Wollebæk, Sætrang og Fladmoe 2015).

Felles for desse perspektiva er at dei alle forklarar frivillig arbeid med utgangspunkt i individet. Nettopp fokuset på enkeltindividet gjer at ein lett kan oversjå at både trekk ved organisasjonskonteksten (tilbodet) og den offentlege politikken på frivillig sektor vil kunne legge viktige føringar på det frivillige arbeidet. Det er spesielt tre forhold ved tilbodssida som kan spele inn på korleis det frivillige arbeidet utviklar seg over tid.

For det første er organisasjonssamfunnet generelt ein viktig infrastruktur for det frivillige engasjementet (Essen, Jegermalm og Svedberg 2015), og eit omfattande organisasjonsliv representerer ei institusjonell ramme for det frivillige arbeidet. Eit fungerande organisasjonssamfunn gjer det enklare for innbyggjarane å engasjere seg frivillig, samstundes som dei har trong for mange frivillige for at organisasjonen skal fungere.

For det andre, er det viktig å ta høgde for at endringar innan visse deler av organisasjonsfeltet kan skape trong for fleire frivillige. Mellom anna viser tal frå Noregs Fotballforbund (NFF Statistikk Breddefotball 2014) ein sterk aktivitetsauke i periode frå rundt år 2000 og fram til i dag. Spesielt har det vore ein stor auke i talet på lag for dei aller yngste, og det same gjeld kurs og andre kompetansehevande tiltak i regi av klubbane. Tala viser at auken i deltakinga på slike kurs først og fremst har komme blant menn, medan talet på kvinner som deltek er stabilt (ibid:14). Større aktivitet i barnefotballen over tid skulle tilseie trong for fleire frivillige innanfor denne sektoren.

For det tredje vil den offentlege politikken kunne spele ei rolle. Selle og Strømsnes (2012) viser at det har skjedd omfattande endringar i statleg politikk overfor frivillig sektor dei siste 15-20 åra. Frå år 2000 og utover har den politiske merksemda på frivillig sektor auka, og det er gjort store endringar i politikken på området. Frå politikarane si side har det vore arbeidd for å skape ein meir heilskapleg politikk kring frivillig sektor, men så langt har den vore retta meir mot kultur- og fritidssektoren enn mot dei tenesteproduserande organisasjonane i velferdsstaten. Like fullt er det knytt forventningar til sivilsamfunnet si rolle i utviklinga av offentlege tenester, og spørsmålet er om me kan spore noko av dette i eit auka frivillig engasjement anten innanfor dei tenesteretta felta eller i det frivillige arbeidet som skjer utanom organisasjonane.

Den auka merksemda kring rolla til frivillig sektor finn me og inann sektoren sjølv, noko etableringa av Frivillighet Norge i 2005 kan sjåast som eit døme på. Sjølv om Frivillighet Norge har ei lengre historie, med røter tilbake til opprettinga av Frisam i 1995, var etableringa eit forsøk på å samla sektoren og å framstå som eit samla talerøyr for denne (Eimhjellen og Mjåland 2012). Ein konsekvens av den auka merksemda retta på frivillig sektor kan òg vere at det vert retta større forventningar til den einskilte om å skulle ta del, og følgeleg gjere det meir krevjande å seia i undersøkingar at en ikkje tek del.

Me skal no sjå nærare på rapportens data- og metodegrunnlag, der me mellom anna drøfter kritisk korleis ein måler frivillig arbeid.

Rapportens data- og metodegrunnlag

Det å belyse innbyggjarane sitt frivillige engasjement krev tilgang til eit rikholdig datamateriale. Denne rapporten bygger fylgjeleg på undersøkingane om frivillig innsats som så langt er gjennomført 5 gonger sidan 1998 (sjå Tabell 1). Føremålet med å gjenta desse undersøkingane er nettopp at dei gjev oss høve til å studere korleis befolkninga engasjerer seg i frivillig arbeid over tid, og om det er spesifikke utviklingmønstre for ulike undergrupper av befolkninga. Særleg det sistnemnte tilhøve utgjer ein veldig viktig del av rapporten, der me mellom anna går i djupna på den gruppa av befolkninga som gjer mykje frivillig arbeid.

Før me går nærare inn på rapportens datagrunnlag er det viktig at me vurderer kritisk dette med å måle nivået på det frivillige. Det er fleire metodiske utfordrignar knytt til det å bruke intervjudata for å kartlegge kor mange som deltek i frivillig arbeid. For det fyrste viser det seg at om frivillig arbeid vert målt i ei eiga undersøking, eller om det inngår i ei undersøking med andre tema spelar inn på nivået. Undersøkingar under overskrifta «frivillig arbeid» når i større grad innbyggjarar som har utført slikt arbeid, medan dei som ikkje har utført slik arbeid i større grad takkar nei til å ta del (Abraham, Helms og Presser 2009). Det er med andre ord ein samanheng mellom viljen til å delta i slike intervjuundersøkingar og det å delta i samfunnsmessige aktivitetar generelt. Testar me har gjort viser også at nivået er monaleg lågare i tematisk breie undersøkingar, enn i dei fem spesifikke undersøkinga om frivillig innsats (sjå Appendiks A). For det andre, og kanskje viktigare, er det grunn til å tru at svara ikkje er heilt truverdige dersom det er slik at mange ser det som ei samfunnsplikt å gjere frivillig arbeid. Respondentane kan, spesielt i telefonintervju, vere mindre villige til å svare at dei faktisk ikkje har teke del. Kva innbyggjarane seier at dei gjer er ikkje nødvendigvis det same som kva dei faktisk gjer. Dette kjenner me godt frå forskning knytt til deltaking i val (Bernstein, Chada og Montjoy 2001). Det er monaleg fleire som seier dei stemmer i spørjeundersøkingar enn kva som viser seg å vere tilfelle i valstatistikken.

Nyare metodelitteratur finn at dette problemet kan vere like stort, og kanskje større, med omsyn til å måle nivået på det frivillige engasjementet (Hellevik 2015; PEW 2012). I fylgje Hellevik (2015: 227) må ein rekne med at slike spørsmål gir eit skeivt bilete av samfunnsengasjementet. Hellevik

viser til at i eit av dei større amerikanske meiningsmålingsinstitutta, peikar frivillig innsats seg ut som eit område med store målefeil. I ein metoderapport samanliknar instituttet resultata frå eigne telefonmålingar (med svært låge svarprosentar) for ei rekke samfunnsrelaterte aktivitetar med ei offentleg kartlegging der 75 prosent av befolkninga svarte (PEW 2012). Størst sprik fann ein for den frivillige innsatsen – i PEW si eiga intervjuundersøking svarte 55 prosent at dei hadde utført frivillig arbeid det siste året, medan tilsvarende tal frå den offentlege kartlegginga var 27 prosent. Det gir ein forskjell på 28 prosentpoeng. Konklusjonen i denne litteraturen er dermed at intervjuundersøkingar overvurderer omfanget av frivillig innsats, og at reduserte svarprosentar over tid kan ha forsterka denne målefeilen ytterlegare. Den gode nyhenda er at sjølv om nivået på det frivillige arbeidet er ein flytande storleik, so viser analysen av ulike undergrupper av frivillige eit forbløffande samsvar på tvers av undersøkingane. Konsekvensen for vår del er at me mellom anna undersøker omfanget av frivillig arbeid ved å fokusere på ei viktig undergruppe av frivillige – dei som gjer mykje frivillig arbeid, eller det som me har valt å kalle for dei kjernefrivillige. I tillegg ser me nærare på kor mykje tid den einskilde brukar på frivillig arbeid.

I dei fleste analysane brukar me data frå 1998, 2004, 2009 og 2014-undersøkinga som vart gjennomført av SSB. Sjølv om undersøkinga i 1998 vart gjennomført postalt og dei andre ved hjelp av telefonintervju, har undersøkingene det til felles at dei gjennomgåande stiller nokså like spørsmål. I 2014 vart det gjennomført to undersøkingar av den frivillige innsatsen, ein av Respons og ein av SSB. Tabell 1 viser at Respons si undersøking omfattar 4000 respondentar, men denne undersøkinga har låg svarprosent, samstundes som undersøkinga gjekk over ein nokså lang periode. Sjølv om svarprosenten åleine ikkje nødvendigvis er det beste kriteriet for å velje kva undersøking ein nyttar seg av, så vil dette vere eit viktig element. I tillegg kan det vere ein føremon å bruke data som har ein kortare datainnsamlingsperiode, noko som er tilfelle med SSB si undersøking (November-Desember 2014). SSB si undersøking vert dermed nytta i analysen av utviklinga over tid for ulike undergrupper.

Det er også velkjent at måten spørjeundersøkingar vert utforma på kan ha stor innverknad på svarfordelinga. Det er viktig at spørsmålet som måler frivillig arbeid utformast slik at det er tydeleg for dei som skal svare kva det vert spurd om. Om ein ønskjer å samanlikne svarfordelingar over tid, må spørsmålet vere det same. Ikkje berre det, rekkefølga på spørsmåla i undersøkinga bør også vere den same sidan måten spørsmål vert plassert på i spørjeskjemaet har innverknad på svarfordelinga. Endeleg vil, som me har vore inne på, sjølvne innsamlingsmetoden spele ei rolle (sjå mellom anna Dillman og Christian 2005). Det er grunn til å tru at eit skjema på papir eller internett vil resultere i færre respondenter enn eit telefonintervju der ein må svare direkte til ein intervjuer.

Alt dette må me ha i bakhovudet når me diskuterer kor mange som deltek i frivillig arbeid.

Tabell 1. Oversikt over gjennomførte undersøkingar om frivillig innsats i Noreg i perioden 1998-2014

Årstal	N	Innsamlar	Nivå på frivillig arbeid	Svarprosent	Innsamlingsperiode	Innsamlingsmetode
1998	1693	Opinion	52	44,8	Mars-mai 1997	Postalt
2004 ^b	1235	SSB	58	62,4	April-mai 2004	Telefon
2009	1579	SSB	49	53,1	April-september 2009	Telefon
2014	4000	Respons Analyse	54	25,5	Mars-oktober 2014 ^a	Telefon
2014 ^b	1921	SSB	61	56,9	November-desember 2014	Telefon

^a Innsamlinga føregjekk i fleire rundar og vart avbroten av ulike grunnar (sjå dokumentasjonsrapport).

^b Kortare undersøkingar, med færre spørsmål.

I undersøkingane om frivillig innsats er det fleire tilhøve ved det frivillige me spør om. Det dreier seg mellom anna om :

- Frivillig arbeid for organisasjonar i løpet av ein 12 månaders periode
- Frivillig arbeid for organisasjonar i løpet av siste 4 veker
- Kor mange timar ein nyttar på frivillig arbeid siste 4 veker
- Om ein er medlem av organisasjonane ein utfører frivillig arbeid for
- Om ein utfører frivillig arbeid utanom organisasjonane, til dømes for offentlig eller privat sektor

Når ein seier noko om nivået på det frivillige i Noreg nyttar ein ofte det første punktet i denne lista. I frivillig innsats undersøkingane dreier dette seg om i kva grad ein har utført frivillig arbeid for minst 1 av totalt 15

organisasjonstypar.³ Det er dette talet som er omtalt i kollona «Nivå på frivillig arbeid» i tabellen over. Det er likevel viktig å understreke at dette berre er eitt av fleire mål på nivået og/eller omfanget av det frivillige.

Dersom me ser på desse tala knytt til nivået på frivillig arbeid er det særskilt 2009, men også 2014-Respons, som skil seg ut når ein ser tala for perioden 1998-2014 under eitt. Det er tale om høvesvis store svingingar. Frå 2004 til 2009 gjekk prosentdelen som seier dei har utført frivillig arbeid ned med rundt 9 prosentpoeng, medan auken frå 2009 til 2014 (SSB) er på 12 prosentpoeng. Både nedgangen og oppgangen har skjedd innafør eit tidsintervall på 5 år. Som me har påpeikt, er det fleire tilhøve ved undersøkingane som gjer at ein må vurdere kritisk om nivået som kjem til uttrykk i intervjuundersøkingane er det reelle nivået i befolkninga. Desse endringane, eller svingingane, som denne tabellen gjev uttrykk for er beint fram vanskeleg å forklare ut i frå trekk ved samfunnsutviklinga elles. Om me skulle hatt ei forventning så ville det vore at nivået var relativt stabilt eller svakt aukande. Dette kan til dømes knyttast til dei momenta som me har drøfta ovanfor, som auken i utdanningsnivået i befolkninga, auka merksemd frå det offentlege og organisasjonane sin aktivitetsauke. Som me seinare skal sjå i rapporten, er det sider ved det frivillige som peikar på stor grad av stabilitet mellom anna knytt til tidsbruken innan organisasjonane. Til dømes er dei ei gruppe av «kjernefrivillige» som er monaleg meir stabil både med omsyn til kor mange dei er og kor mykje tid dei nyttar til frivillig arbeid.

I tillegg til å ha det lågaste nivået i måleperioden, skil 2009-undersøkinga seg frå dei andre ved at den hadde ei litt annleis spørsmålstilling. Her var det fyrst eit spørsmål om ein hadde utført frivillig arbeid og/eller var medlem i ein eller fleire frivillig organisasjonar. Undersøkinga hadde med andre ord eit sokalla filterspørsmål, som sluser ut respondenter avhengig av kva ein svarar på dette spørsmålet. Dersom ein svarte ja på dette filterspørsmålet, vart ein so spurt om frivillig innsats for ulike organisasjonstypar. Dei andre undersøkingane har ikkje denne type filterspørsmål, og går i staden rett på dei ulike organisasjonstypane og spør om ein har utført frivillig arbeid for dei. Umiddelbart skulle ein dermed tenkje seg at 2009-tala er feilaktige og ikkje til

3. Desse organisasjonstypane er: Kunst og kultur, korps og kor; Idrett og sport; Hobby, fritid, utandørsaktivitet og sosiale foreiningar; Utdanning, opplæring og forskning; Helse, pleie og redningsarbeid; Sosiale tenester og rusmiddelomsorg; Natur-, miljø- og dyrevern; Velforeiningar, grendelag og nærmiljø; Burettslag og bustadbyggjelag; Rettigheits-, støtte- og fråhaldsarbeid; Politiske parti; Internasjonal utveksling, naudhjelp, bistand og menneskerettsarbeid; Yrkes-, bransje- og fagforeiningar; Religion og livssyn, inkludert Den norske kyrkje; Andre områder.

å lite på. Det som talar i mot ei slik slutning er at det tidleg i 2010 vart gjennomført ei anna spørjeundersøking der ein også spurde om frivillig innsats, denne gongen som ein del av SSB sin Reise- og ferieundersøking. Her vart spørsmålet om frivillig innsats stilt på same måte som i dei tidlegare frivillig innsats undersøkingane, det vil seie utan eit filterspørsmål om frivillig arbeid og/eller medlemskap først. Også i denne undersøkinga fekk ein eit nivå på det frivillige arbeidet som samsvara med 2009-undersøkinga. Her var det i alt 48 prosent som svarte at dei hadde utført frivillig arbeid for minst ein organisasjonstype siste 12 månader.

I sum tyder dette på at når det gjeld nivået på det frivillige arbeidet i Noreg, forstått som talet på personar som har utført frivillig arbeid for minst ein organisasjon siste 12 månader, så er dette noko flytande. Sjølv om det er usikkerheit knytt til nett dette spørsmålet, er det viktig å understreke at datasetta representerer ei unik kjelde til å studere undergrupper av frivillige.

I det fylgjande skal me presentere resultat frå analysar der me sett saman undersøkingane frå 1998, 2004, 2009 og 2014. Dei fire undersøkingane er sett saman og vert analysert samla. Resultata er med andre ord ikkje basert på separate analysar av kvar enkelt undersøking, slik det har vore tilfelle ved tidlegare rapportar om frivillig innsats undersøkingane. Dette har nokre klare føremoner. For det fyrste får me eit datasett som omfattar fleire respondentar, noko som gjer at me kan feste større lit til dei samanhengane som analysen avdekker. For det andre (og langt viktigare) får me på ein systematisk måte undersøkt om dei effektane me finn er konstante perioden sett under eitt, eller om dei har endra seg. For å illustrere det med eit døme: Spelar sosiale resursar (som t.d. utdanning) ei større eller mindre rolle for om innbyggjarane tek del i frivillig arbeid i 2014 enn det gjorde i 1998, eller er effekten av sosiale resursar den same i dag som tidlegare? Det er nettopp slike spørsmål analyseopplegget er spesielt egna til å fange opp. Ulempa med å slå saman undersøkingane slik er at ein ikkje kan vekte resultata i forhold til skeivheiter i utvala i dei respektive undersøkingane. Me har difor for ordens skuld kontrollert analysane opp mot separate analysar av dei enkelte undersøkingane, utan at det har hatt noko å seie for resultata. Når me viser fordelingar på enkeltspørsmål i undersøkingane er desse i dei aller fleste tilfella likevel vekt. Alle undersøkingane har vektor etter alder og utdanning. I tillegg er det også vekt for kjønn i 2014 SSB-undersøkinga. Når me i det fylgjande skriv at tala er vekt, er det då med utgangspunkt i desse vektene. For meir detaljar kring veking kan ein sjå Arnesen (2015).

Nivået og omfanget av den frivillige innsatsen i Noreg 1998-2014

Frivillig innsats, både omfang, form og innhald, er som påpeika i innleiingskapitlet langt frå berre eit spørsmål om individuelle ressursar og individuell motivasjon. Innsatsen er sterkt og direkte påverka av det tilbodet eller det rommet av moglegheiter som til ei kvar tid finst, der det er komplekse relasjonar mellom endringar i slike tilbud og endringar i ressursar og motivasjon hjå den einskilde. I denne rapporten kan me ikkje gå inn i slike relasjonar, men me skal likevel ramma inn institusjonelle hovedformer for slike tilbud, altså sjølve den institusjonelle konteksten for slik aktivitet.

Kort fortalt kjem slike tilbud i fire hovudformer. Det kan gå føre seg i mykje uformelle samanhengar der den frivillige aktiviteten i liten grad er formalisert. Ein hjelper t.d. nokon som har eit problem eller ein møtest i uformelle samanhengar rundt ein viss type aktivitet. Denne type frivillig innsats er knapt dekkja i denne rapporten og det kan også vera vanskelege avgrensingar her mellom kva som er uformell og meir formell aktivitet. Dei tre andre institusjonelle hovudformene – og her er mange ulike blandingsformer av disse hovudformene, der gjerne også meir uformell frivillig innsats kan inngå – er frivillig innsats via frivillige organisasjonar og institusjonar, via offentlege institusjonar og gjennom marknadsbaserte institusjonar.

Denne rapporten konsentrerer seg om frivillig innsats i regi av frivillige organisasjonar. Dette har historisk vore den heilt dominerande forma i dei skandinaviske landa. Det veit me sjølv om me har lite historisk basert informasjon om mulig frivillig innsats i andre institusjonelle samanhengar. I mange andre land har det derimot vore ein betydeleg frivillig innsats knytt til offentlege og marknadsbaserte institusjonar. Interessa for slik innsats har også auka internasjonalt ettersom det synest som meir og meir av det frivillige blir utført utan at den institusjonelle ramma treng spela ei avgjerande rolle for den einskilde. Det primære er at «jobben» blir gjort. I dag er det mykje snakk om press på velferdsstaten, og når også offentlege institusjonar som gjerne slit med store økonomiske utfordringar, i aukande grad opnar for frivillig innsats, og ikkje berre innafor eldreomsorga, skulle ein kanskje venta ein auke i slik innsats. I tillegg er det ei utvikling i retning av at næreignsverksemd i mange

land – og me ser også slike tendensar hjå oss – blir meir opptatt av korleis dei innverkar på og er ein del av omgjevnadene ein opererer innafør. Eit resultat av det er eit auka fokus på frivillig innsats i organisasjonen, der ein gjerne også legg til rette for at dei tilsette skal kunna utføra slik innsats. Slike utviklingstrekk som me nemner her peikar i retning av auka bruk av frivillig innsats i offentlege og marknadsbaserte institusjonar.

Når det gjeld omfanget av frivillig innsats i offentlege og marknadsbaserte institusjonar har desse undersøkingane berre svært begrensa informasjon, og me kan langt frå gje noko fullstendig bilete. Det finst eit generelt spørsmål om frivillig innsats innanfor offentlege og private verksemdar, men det er berre undersøkingane i 1998 og 2014 som har med dette. Svara viser ein tendens til at det faktisk er færre som utfører frivillig for offentleg og privat sektor i 2014 enn i 1998. I 2014 var tala på 7,8 prosent i offentlege institusjonar (kommunale og statlege) og 6,9 prosent i private verksemdar (private bedrifter og kommersiell velferdstilbud). I 1998 var tala på høvesvis 8,4 prosent og 10,7 prosent. Særleg for privat verksemd er det snakk om ein tydeleg tilbakegang, mens me må kunne seia at stabilitet er bildet når me ser på frivillig innsats i offentlege institusjonar.⁴ Funna her står i motsetnad til kva ein skulle forventa om ein ser på samfunnsutviklinga i stort og utviklinga i andre land (Selle og Strømsnes 2012).

Det er også med eit spørsmål om kor den enkelte utfører sitt frivillige arbeid. Det er stor stabilitet i tala når det gjeld i kva grad ein utfører frivillig utelukkande for organisasjonar, frivillig arbeid for både organisasjonar og utanom og frivillig arbeid utanom organisasjonane. Over to tredjedelar av dei frivillige gjer frivillig arbeid utelukkande for organisasjonane. Vel ein fjerdel kombinerer frivillig arbeid både i og utanom organisasjonane, og mellom åtte og seks prosent av dei frivillige gjer frivillig arbeid utelukkande utanom organisasjonane.⁵ Undersøkingane gjer berre ei svært generell tilnærming til

-
4. Det viser seg også at det er svært moderat frivillig innsats for frivillighetssentralane (1,3 prosent i 1998 og 2,1 prosent i 2014). Her skal leggstil at ein nok ikkje kan vente at det skal vere ei høg deltaking for desse institusjonane. Dette fordi frivillighetssentralane primært er institusjonar som har som mål å «...samordne den frivillige innsatsen som privatpersoner og organisasjonar i kommunen utfører, og dermed styrke og fremme det frivillige arbeidet.» (Lorentzen 2012:66). Jamvel om det finst ulike måtar å drifte og organisere frivillighetssentralar på (jamfør Lorentzen sitt skilje mellom frivillighetssentralar som sosial-sentralar vs nærmiljøsentralar), er det nok ikkje grunn til å forvente at nivået i det frivillige arbeidet som vert gjort for denne typen institusjonar skal vere høgt.
 5. Tala er som følgjer: Frivillig arbeid berre for organisasjonar 1998: 68%, 2014: 67%, Frivillig arbeid både for organisasjonar og utanom 1998: 24 %, 2014 26%, Frivillig arbeid berre utanom organisasjonar: 1998: 8 %, 2014: 6 %

dette viktige feltet og det kan vera at me har å gjera med store målefeil og at tala ikkje er heilt å stola på. Om desse tala skulle måle den reelle situasjonen, er funna rett ut sagt overraskande.

Her skal me soleis konsentrere oss om hovudinstitusjonforma hjå oss, frivillig innsats med utspring i frivillige organisasjonar. Dette kan vere å direkte jobbe for ein organisasjon eller å gjere ein innsats for andre i regi av organisasjonen. Her skal me leggje særleg vekt på i kva grad det er medlemmer av organisasjonane som utfører den frivillige innsatsen. Er det ei utvikling i retning av at stadig fleire utfører frivillig innsats i organisasjonsregi utan å sjølve vere medlemmer av dei organisasjonane som legg til rette for aktiviteten? Det vil i tilfelle vere ei viktig endring og eit brot med eit hovudtrekk ved norsk frivilligliv. Historisk har det vore medlemmer som gjennom frivillige organisasjonar har utført det aller meste av det frivillige arbeidet. Er ikkje frivillig innsats og frivillig organisering i same grad som før to sider av samme sak?

Nivået på det frivillige arbeidet for organisasjonane 1998-2014

I Tabell 2 viser me kor mange som seier dei har utført frivillig arbeid for minst ein organisasjonstype dei siste 12 månader. Me kan på grunnlag av denne tabellen slå fast at nivået på det frivillige arbeidet i Noreg ligg på eit høgt og til dels stabilt nivå:

Tabell 2. Prosentdel som har utført frivillig arbeid for organisasjonar siste 12 månader, 1998-2014. Prosent.

	1998	2004	2009	2014
Har utført frivillig arbeid	52	58	48	61
N (uvekta)=	1693	1223	1579	1921

Kjelde: Frivillig innsats 1998-2014. Prosenttala er vekta (sjå Arnesen 2015 for detaljar kring vekting)

Som det går fram av tabellen ligg nivået på frivillig arbeid, utført for minst ein av dei 15 organisasjonstypene me listar opp, på godt over 50 prosent gjennom heile perioden 1998-2014, med unntak av i 2009. Tala svingar frå 48 prosent i 2009 til 61 prosent i den siste undersøkinga i 2014. Som kommentert innleiingsvis, kan slike svingingar skuldast ulike sider ved datainnsamlinga. I tillegg må me ta høgde for at det alltid vil vere feilmarginar knytt til ei spørjeundersøking. Om ein tek høgde for slike faktorar (som til dømes ved å sjå på konfidensintervalla), er det grunn til å hevde at det generelle nivået aukar over tid.

Tabell 2 viser altså tal for frivillig arbeid for organisasjonar siste 12 månader. Dersom me spør dei same respondentane om frivillig arbeid for

organisasjonar dei siste fire vekene vert nivået redusert til mellom 25 og 40 prosent.

Tabell 3. Prosentdel som har utført frivillig arbeid for organisasjonar siste fire veker, 1998-2014. Prosent.

	1998	2004	2009	2014
Har utført frivillig arbeid	32	31	25	40
N (uvekta) =	1693	1235	1579	1921

Kjelde: Frivillig innsats 1998-2014. Prosenttala er vekta.

Tabell 3 viser at det i 2014 var 40 prosent svarte at dei hadde gjort frivillig arbeid den siste månaden. Dette er eit høgt tal, og høgare enn i tidlegare målingar. I 1998 og 2004 var det 32 og 31 prosent som svarte tilsvarende. Talet frå 2009 er vesentleg lågare samanlikna med 2014, og noko av desse svingingane kan nok tilskrивast nokre av dei momenta me har vore inne på knytt til datainnsamlinga.

Når me skriv at nivået på det frivillige arbeidet i Noreg er høgt, baserer det seg og på ein samanlikning med tilsvarende tal frå andre land. I Sverige er tala noko lågare, og svært stabile. Med fem målepunkt frå 1992 til 2014 så varierer prosentdelen frivillige mellom 48 og 53 prosent (Essen, Jegermalm & Svedberg 2015: 12). Interessant nok ser me ein auke også her mellom dei to siste målingane (frå 2009 til 2014). Stabilitet er også nøkkelordet i Danmark, der prosentdelen som har utført frivillig arbeid er identisk (38 prosent) i 2004 og i 2012 (Fridberg & Henriksen 2014: 34). Motsett er det døme på land der nivået varierer meir over tid. Prosentdelen som har utført frivillig arbeid i Nederland har til dømes gått ned frå 46 prosent i 2002 til 37 prosent i 2014 (Bekkers, Schuyt & Gouwenberg 2015).

Ser ein Tabell 2 og Tabell 3 under eitt, dannar det seg eit bilete av det generelle frivillige arbeidet innafor organisasjonane på eit høgt, stabilt og til dels stigande nivå. Nivået er høgt samanlikna med andre land, og det er stabilt når me ser det over tid. I den neste delen ser me på korleis det frivillige fordelar seg etter ulike organisasjonstypar.

Frivillig arbeid fordelt på organisasjonstypar

I undersøkingane om frivillig innsats spør me om ein har utført frivillig arbeid for eit sett med organisasjonar. Totalt spør me om 15 organisasjonstypar (for meir detaljert gjennomgang av bruken av organisasjonskategoriar, sjå Arnesen 2015). I Tabell 4 viser me korleis det frivillige arbeidet er fordelt etter organisasjonstype og undersøkingsår.

Tabell 4. Frivillig arbeid fordelt etter organisasjonstypar, 1998-2014. Prosentdel av frivillige. Prosent (Fleire svar mogleg).

	1998	2004	2009	2014
Idrett og sport	38	40	41	41
Velforeiningar, grendelag og nærmiljø	9	30	26	29
Hobby, fritid, utandørsaktivitet og sosiale foreninger	21	34	26	27
Kunst og kultur, korps og kor	17	18	23	21
Burettslag og bustadbyggjelag	-	13	15	18
Utdanning, opplæring og forskning	4	8	10	14
Religion og livssyn, inkludert Den norske kirke	14	11	9	14
Helse, pleie og redningsarbeid	6	12	9	11
Sosiale tenester og rusmiddelomsorg	12	7	9	10
Internasjonal utveksling, naudhjelp, bistand og menneskerettsarbeid	6	5	6	10
Yrkes-, bransje- og fagforeiningar	17	7	10	10
Natur-, miljø- og dyrevern	2	5	5	7
Politiske parti	7	5	5	6
Andre områder	6	7	4	5
Rettighets-, støtte- og frâhaldsarbeid	6	2	2	3
N (uvekta)=	876	734	750	1172

Kjelde: Frivillig innsats 1998-2014. Prosenttala er vekta.

Prosentueringa i tabellen tek utgangspunkt i dei som seier at dei har utført frivillig arbeid for minst ein organisasjonstype. Det mest slåande med tabellen er at idretten står i ei særstilling ved at den er den klart største organisasjonstypen når det gjeld å tiltrekke seg frivillig arbeid. Gjennom heile måleperioden utfører rundt 40 prosent av dei frivillige arbeid for ein idrettsorganisasjon. I storleik fylgjer deretter organisasjonstypane

velforeiningar, hobbyorganisasjonar, samt kunst og kulturorganisasjonar. Desse varierer i storleik mellom 21 og 29 prosent for året 2014.⁶

Ser ein på utviklinga over tid er det for mange organisasjonstypar mykje variasjon mellom årstala. Mange organisasjonstypar har det me kan kalle eit berg- og dalbaneprega mønster på nivået, noko som gjer det vanskeleg å seie konkret om dette er tendensar eller ikkje (mange endringar vil til dømes ikkje vere signifikante frå den eine undersøkinga til den andre). Idretten markerer seg som nemnt ved sin storleik, men også med sin stabile storleik over tid. Elles viser tabellen at organisasjonane innan utdanning, opplæring og forskning er den einaste organisasjonstypen som kan syne til ein jamn og signifikant auke over tid.

Tabellen viser at dei organisasjonane som opplever størst vekst frå 2009 til 2014 er dei religiøse organisasjonane. Dette heng nok truleg saman med Den norske kyrkja si endra rolle, noko som også vart reflektert i endringa av spørreskjemaet i 2014 der det vart «...presisert at religion og livssyn inkluderer Den norske kirke, ettersom kirken siden 2012 har vært i ferd med å få en mer selvstendig stilling i relasjon til staten og derfor inngår som del av frivillig sektor» (Arnesen 2015:36).

No kan det innvendast mot Tabell 4 at ein ved å ta utgangspunkt i kun dei som utfører frivillig arbeid, kanskje gjev eit bilete som er prega av meir stabilitet enn det faktisk er. Det vil kanskje vere nyttig å sjå på fordelinga med utgangspunkt i alle respondentane, og såleis seie noko om kor stor del av befolkninga som utfører frivillig arbeid for innafor dei ulike organisasjonstypane.

6. I 1998 hadde ein ei noko annleis organisasjonskategorisering enn kva som er tilfelle for dei neste undersøkingane. Som Arnesen skriv: «Den første undersøkelsen skiller seg ut fra de påfølgende rundene ved at man spurte om frivillig arbeid innenfor organisasjonskategorier inspirert av Korvaldutvalgets utredning om frivillige organisasjoner» (Arnesen 2015:35). Det har i stor grad vore mogleg å overføre svara frå 1998-undersøkinga til klassifiseringa til dei seinare undersøkingane, som då er basert på The International Classification of Nonprofit Organisations (ICNPO). Dette gjeld rett ikkje for alle organisasjonstypar. Det er nokre der det moglegvis er underrapporteringar. I fylgje Arnesen (ibid) gjeld dette særskilt for "... velforeninger, grendelag og borettslag, som trolig ble underrapportert i 1998 som følge av at disse ikke ble nevnt ved egne kategorier i spørreskjemaet." (ibid: 36).

Tabell 5. Frivillig arbeid fordelt etter organisasjonstypa, 1998-2014. Prosentdel av befolkninga. Prosent (Fleire svar mogleg).

	1998	2004	2009	2014
Idrett og sport	19	24	20	25
Velforeiningar, grendelag og nærmiljø	5	19	13	17
Hobby, fritid, utandørsaktivitet og sosiale foreiningar	10	20	13	16
Kunst og kultur, korps og kor	9	10	11	13
Burettslag og bustadbyggjelag	-	8	7	11
Religion og livssyn, inkludert Den norske kirke	7	7	4	9
Utdanning, opplæring og forskning	2	5	5	8
Helse, pleie og redningsarbeid	3	7	4	6
Sosiale tenester og rusmiddelomsorg	6	4	4	6
Internasjonal utveksling, naudhjelp, bistand og menneskerettsarbeid	3	3	3	6
Yrkes-, bransje- og fagforeiningar	9	4	5	6
Natur-, miljø- og dyrevern	1	3	2	5
Politiske parti	3	3	2	4
Andre områder	3	4	2	3
Rettighets-, støtte- og fråhaldsarbeid	3	1	1	2
N (uvekta) =	1693	1235	1579	1921

Kjelde: Frivillig innsats 1998-2014. Prosenttala er vekta.

Når me les denne tabellen, må me ta høgde for at 2009-tala avvik, ettersom det er eit generelt lågare nivå i 2009 samanlikna med dei andre årstala. Det er elles mykje av dei same tendensane som i førre tabell, men me ser til dømes at fleire deltek i idrettsorganisasjonane over tid, særskilt når 2004 og 2014 vert samanlikna opp mot 1998.

I og med at idretten utgjer ein stor del av den generelle frivillige innsatsen er det verdt å sjå på om det er vesentlege skilnader mellom personar som utfører frivillig arbeid for idretten og dei som ikkje gjer det. I analysene av frivillig deltaking sett i ljøs av sosiale bakgrunnsvarialar vil me derfor sjå særskilt på idretten og kva som skjer når me skil ut idretten frå det generelle frivilliglivet.

Omfanget av frivillig arbeid

Så langt i rapporten har me sett på det generelle nivået på frivillig arbeid samt korleis den fordelar seg etter ulike organisasjonstypar. Me skal no gå litt meir i djupna på korleis det frivillige femner om seg med tanke på kor mange

organisasjonar ein utfører frivillig arbeid for og kor mykje tid ein nyttar på frivillig arbeid.

Me startar med å sjå på kor mange organisasjonar ein utfører frivillig arbeid for. Tabell 6 under viser korleis talet på frivillige fordeler seg på dei ulike undersøkingstidspunkta etter kor mange organisasjonar ein har utført frivillig arbeid for siste 12 månader:

Tabell 6. Antal organisasjonar frivillige har utført frivillig arbeid for siste 12 månader, 1998-2014. Prosent.

	1998	2004	2009	2014
1 organisasjon	59	43	46	38
2 organisasjonar	26	29	26	27
3 eller fleire	15	28	27	35
N (uvekta)=	873	746	757	1168

Kjelde: Frivillig innsats 1998-2014. Prosenttala er vekta. Prosentuering er gjort med utgangspunkt i dei som har utført frivillig arbeid for minst ein organisasjon siste 12 månader.

Ein tendens som ser ut til å gjere seg gjeldande i tabellen er at det skjer ein auke i mengda på organisasjonar ein gjer frivillig arbeid for. Det er også tale om statistisk signifikante endringar over tid. I 1998 utførte om lag 60 prosent av dei frivillige sitt arbeid for ein organisasjon. I 2014 er dette redusert til 38 prosent. Tilsvarende ser me at prosenttalet på frivillige som gjer frivillig arbeid for fleire organisasjonar aukar. I 1998 var det 15 prosent som gjorde frivillig arbeid for 3 organisasjonar eller meir. I 2014 er dette meir enn dobbla til 35 prosent. Dermed ser det ut til at det er fleire som utfører frivillig arbeid for fleire organisasjonar i 2014 samanlikna med tidlegare.

Ein innfallsvinkel som kan kaste ljøs over utviklinga av engasjementet over tid er å sjå på kor mange timar respondentane seier dei nyttar på frivillig arbeid. Spørsmålet som er stilt i undersøkingane er kor mange timar frivillig arbeid ein om lag har utført for organisasjonane siste 4 veker. I tabellen under rapporterer me gjennomsnitt og standardavvik for dei 4 undersøkingane.

Tabell 7. Antal timer nytta på frivillig arbeid siste fire veker, 1998-2014.⁷

	1998	2004	2009	2014
Gjennomsnitt	14,3	14,2	14,4	14,9
Standardavvik	14,0	14,7	14,8	15,5
N (uvekta)=	552	380	496	760

Kjelde: Frivillig innsats 1998-2014. Timetala er vekta.

Tabellen viser at det gjennomsnittlege timetalet som vert nytta på frivillig arbeid for organisasjonane held eit stabilt nivå gjennom heile måleperioden. Det kan sjå ut til at det er ein svak auke over tid, og at det er tendensar til at ein gjer meir frivillig arbeid målt i tal på timar, men det er ikkje tale om endringar som er signifikante. Også når me ser på spreinga kring dette gjennomsnittet, standardavviket, ser me at dette er stabilt over tid. Korleis fordelar desse timane seg etter organisasjonstyper? I Tabell 8 viser me korleis det gjennomsnittlege timetalet er fordelt etter organisasjonstype og årstal:

7. Denne tabellen viser gjennomsnitt for dei som har svart mellom 1 og 60 timer. Når me spør folk om kor mange timar ein har utført frivillig arbeid, er det ved alle undersøkingane ei lita gruppe av respondentar som gjev særst høge tal. For at desse ikkje skal dominere, og dermed gje eit litt misvisande bilete på kor mange timar som vert nytta, har me omkoda desse og gitt dei verdien 60 timar. Det finst andre måtar å rekne ut timetala, som kan gje meir konservartive estimat, og det finst også dømer der råtala er presentert (sjå mellom anna Sivesind 2007). Årsaka til at ein nyttar 60 timar som øvre grense, er at dette er i samsvar med tidlegare internasjonale studiar – herunder det fleirnasjonale Johns Hopkins Comparative Nonprofit Sector Project frå 1997, som mellom anna var utgangspunktet for frivillig innsats studiane.

Tabell 8. Antal timer nytta på frivillig arbeid siste fire veker etter organisasjonstypar, 1998-2014

	1998	2004	2009	2014
Kunst og kultur, korps og kor	14	13	11	11
Idrett og sport	15	10	11	10
Hobby, fritid, og sosiale foreiningar	15	10	12	9
Utdanning, opplæring og forskning	25	12	12	8
Helse, pleie og redningsarbeid	13	11	10	12
Sosiale tjenester og rusmiddelomsorg	20	8	7	11
Natur-, miljø- og dyrevern	17	7	7	11
Velforeiningar, grendelag og nærmiljø	13	6	6	5
Burettslag og bustadbyggjelag	0	6	6	4
Rettighets-, støtte- og fråhaldsarbeid	17	5	26	10
Politiske parti	19	12	9	7
Internasjonal utveksling, naudhjelp, bistand og menneskerettsarbeid	14	9	15	9
Yrkes-, bransje- og fagforeiningar	14	12	9	6
Religion og livssyn ink. Den norske Kirke	15	7	5	10
Andre områder	10	13	9	8
N (uvekta)=	552	380	496	760

Kjelde: Frivillig innsats 1998-2014. Timetala er vekta.

Tabellen viser at det for mange, men ikkje alle, organisasjonstypar er tale om ein nedgang i det gjennomsnittlege timetalet som ein person legg ned innanfor organisasjonane over tid. Dette gjeld til dømes for dei største organisasjonstypane som kunst-, idretts- og hobbyorganisasjonane. Dette kan kanskje synest merkeleg ettersom me i føregåande tabell viste til ein svak, men ikkje signifikant, tendens til at timetalet aukar. Til dette er det å seie at det heng mykje saman med talet på aktive. Nivået var som vist ein del lågare i 1998 samanlikna med 2014. Dersom det er fleire personar som i snitt gjennomfører 10 timar frivillig arbeid, vil det totalte gjennomsnittet for alle organisasjonane kome ut høgare, enn dersom det er få personar som gjennomfører mykje frivillig arbeid. Eit særskilt viktig atterhald med tabellen er likevel at det innanfor einskilde organisasjonstypar er tale om eit relativt lågt tal på respondentar, noko som gjer gjennomsnittstala usikre. Dette ser me eit døme på når det gjeld rettighets-baserte organisasjonar, der ein i 2009 får eit høgt tal på 26 timar (då var det totalt 5 respondentar som hadde oppgjeve timetal siste 4 veker). Om me held fast på dette atterhaldet, kan det derimot sjå ut til at det er ein tendens til eit meir spreidd engasjement i befolkninga. Tendensen er at ein utfører frivillig arbeid for fleire organisasjonar. Eit teikn

på dette kan lesast av Tabell 9, som viser det gjennomsnittlege timetalet etter kor mange organisasjonar ein har utført frivillig arbeid for siste månad:

Tabell 9. Gjennomsnittleg antal timar frivillig arbeid, etter tal på organisasjonar ein har utført frivillig arbeid for og årstal⁸

	1998	2004	2009	2014
1 organisasjon	12	8	10	9
2 organisasjonar	15	18	20	19
3 organisasjonar eller meir	17	30	28	27
N (uvekta)=	552	380	496	760

Kjelde: Frivillig innsats 1998-2014


Her ser me korleis timetalet har auka for dei som utfører frivillig arbeid for fleire organisasjonar. Me ser for det fyrste ein nedgang i det gjennomsnittlege timetalet for dei som gjer frivillig arbeid for berre 1 organisasjon. Frå eit snitt på tolv timar i 1998 har dette gått ned til ni timar i 2014. For dei som utfører frivillig arbeid for fleire organisasjonar ser me at det er ein auke for alle årstala samanlikna med 1998. Dette gjeld både for dei som gjer det for to organisasjonar og for dei som gjer det for tre organisasjonar eller meir.

Kjernefrivillige – grunnfjellet i frivilliglivet står støtt

Mykje av de me har sett på til no har handla om det generelle frivillige arbeidet, anten det er siste 12 månader eller siste 4 veker. Ei gruppe av frivillige som det kan vere interessant å sjå nærare på er det som me kan kalle for kjernefrivillige. Dette er den gruppa som utfører mellom 10 og 60 timar frivillig arbeid siste 4 veker (altså i snitt mellom 2,5 og 15 timar i veka). I Figur 3 viser me kor stor del dei kjernefrivillige utgjer av befolkninga og kor mange timar dei i snitt deltek siste 4 veker:

8. Gjennomsnittstalet er basert på dei som svarer at dei har utført frivillig arbeid siste 4 veker og som har oppgjeve kor mange timar dei har brukt. Respondentar som oppgav 61 timar eller meir vert omkoda til 60 timar (sjå over for meir utgreiing kring omkoding av timetal).

Figur 3. Kjernefrivillige. Prosentdel av befolkninga og gjennomsnittleg antal timer utført frivillig arbeid siste fire veker, 1998-2014.



Kjelde: Frivillig innsats 1998-2014. Kjernefrivillige er definert som personar som har utført minst 10 timar frivillig arbeid i løpet av dei siste fire vekene. N Kjernefrivillig = 1081.

Ser me på utviklinga over tid, finn me eit høvesvis stabilt mønster når det gjeld nivået, men at det gjennomsnittlege timetalet ser ut til å auke. Figuren viser at i 2014, utgjør dei kjernefrivillige om lag 19 prosent av dei spurte. Tala svingar mellom 15 og 19 prosent frå 1998 til 2014. Og det siste året, 2014, markerer seg signifikant positivt frå dei andre åra. Det kan med andre ord sjå ut til at talet på kjernefrivillige aukar noko. Av dei frivillige totalt er det ei nokså jamn todeling over tid, slik at dei kjernefrivillige utgjør om lag halvparten av dei som utfører frivillig arbeid siste månaden. Sagt på ein annan måte: om lag halvparten av dei som gjer frivillig arbeid siste månad nyttar mellom 1-10 timar, medan den andre halvparten nyttar mellom 10-60 timar. Det gjennomsnittlege timetalet som dei kjernefrivillige legg ned er på mellom 22,9 og 26 timar i månaden. Også her er det tale om ein svak stiging over tid, etter som 2014 skil seg signifikant frå dei andre. Me skal sjå nærare på dei kjernefrivillige i rapportens neste del, der me mellom anna skal sjå på kva slags sosiale bakgrunnskjenneitekn som særmerkjer dei kjernefrivillige.

Før me går over til å sjå på kva som særmerkjer dei frivillige, skal me sjå på ei anna side ved tilknyttinga til organisasjonane, nemleg i kva grad dei frivillige er medlemmar av organisasjonane dei utfører frivillig arbeid for

Frivillig arbeid og medlemskap

Spørsmålet om kor tett knytte dei frivillige er til organisasjonane er viktig, og i Noreg har frivillig innsats tradisjonelt vært nært knytt til det å også vere medlem i organisasjonen ein utfører den frivillige innsatsen for (Wollebæk, Selle og Lorentzen 2000). Tidlegare forskning viser at tette band mellom dei frivillige og organisasjonane medverkar til stabilitet i talet på frivillige. Det er difor grunn til å tru at færre medlemsfrivillige også kan gje seg utslag i færre frivillige totalt sett. Til no i rapporten har me sett at talet på frivillige har auka over tid i Noreg, og at det same gjeld for tidsbruken. Spørsmålet er om det har vore ei tilsvarende auke i talet på frivillige som er medlem av den organisasjonen dei har gjort frivillig arbeid for.

Spørsmål om medlemskap er med i undersøkingane frå 1998 og 2009, samt i Respons-undersøkinga frå 2014 (SSB-undersøkingane frå 2004 og 2014 som er nytta ovanfor er soleis ikkje med i denne gjennomgangen knytt til medlemskap). Tabell 10 viser at det er ein nedgang i 2014 samanlikna med dei føregåande åra. I 1998 svarte 88 prosent at dei som hadde utført frivillig arbeid, at dei var medlem av minst ein organisasjon. Dette talet går so opp med eitt prosentpoeng, til 89 prosent i 2009, medan talet for 2014 er på 76 prosent. Det er spesielt undersøkinga i 2014 som skil seg ut ved at sannsynet for å vere medlem er 12 prosentpoeng lågare enn i 1998. Når me analyserer desse tala og samanliknar dei enkelte åra med gjennomsnitta for perioden sett under eitt, er det berre talet frå 2014 som skil seg ut ved å vere signifikant lågare enn gjennomsnittet (resultat ikkje vist her). Datamaterialet viser dermed at sannsynet for å vere medlem av organisasjonen ein utfører frivillig arbeid for, er redusert over tid og at denne trenden ikkje skuldast tilfeldigheter.

Tabell 10. Prosentdel av dei frivillige som er medlemmar av minst ein organisasjon dei har utført frivillig arbeid for siste 12 månader. Prosent.

	1998	2009	2014
Medlem av minst 1 organisasjon ein har utført frivillig arbeid for	88	89	76
N (uvekta) =	828	772	2287

Kjelde: Frivillig innsats 1998-2014 (2014=Responsundersøking). Prosenttala er vekta.

Oppsummering av nivået og omfanget av frivillig innsats i Noreg 1998-2014

I sum peikar denne gjennomgangen på ein frivillig sektor som veks og som ligg på eit høgt nivå i samanlikning med andre land. På same tid er det tendensar til at det frivillige engasjementet vert meir spreidd utover


organisasjonane, noko som er reflektert både i talet på organisasjonar ein utfører frivillig arbeid for, men også i at ein totalt sett (sjølv om dette endringa ikkje er signifikant) legg ned noko meir frivillig arbeid i form at timetal, men ein fordeler denne timemengda på fleire organisasjonar enn før. Ein gjer med andre ord mindre innanfor kvar einskild organisasjon. Også tilhøyrsla i form av medlemskap er svekka. Framleis er meir enn $\frac{3}{4}$ av dei frivillige også medlem av minst ein av organisasjonane dei gjer frivillig arbeid for, men tendensen er at færre er medlemmar i dag enn før.

Frivillig arbeid og sosial bakgrunn

Mange, men ikkje alle, i Noreg deltek som frivillige for ulike organisasjonar. Difor er det sentralt for denne rapporten å sjå på kva som kjenneteiknar dei frivillige, og om dette har endra seg over tid. Tidlegare forskning tyder på at kjønnsforskjellane i deltaking har blitt mindre, samstundes som forskjellen mellom dei med høg og låg utdanning og høg og låg inntekt har auka (Wollebæk og Sivesind 2010, Enjolras og Wollebæk 2010). Wollebæk og Sivesind konkluderte i 2010 (s.45) med at «de sosiale forskjellene i det norske organisasjonssamfunnet er økende».

Me starter denne delen med å sjå på korleis generelt frivillig arbeid fordelar seg etter ulike sosiale karakteristika. Med generelt frivillig arbeid meiner me her dei som seier dei har utført frivillig arbeid for minst ein organisasjonstype dei siste 12 månader. I Figur 4 viser me tal frå den siste undersøkinga i 2014. Her er den frivillige innsatsen fordelt etter 6 alderskategoriar frå 16 år og opp til 80 år.

Figur 4. Frivillig innsats for organisasjonar etter alderskategoriar. Prosent.




Kjelde: Frivillig innsats 2014

Figuren gjev eit oversyn over nivået på den frivillige innsatsen for organisasjonar innanfor desse alderskategoriane. Det er viktig å legge til at det også er variasjonar innan desse alderskategoriane, og at siktemålet med denne figuren fyrst og fremst er å gje eit oversyn. Det generelle biletet er at det er særskilt i alderen frå 36 og fram mot slutten av 40-åra at nivået på innsatsen er høgast. Me merkar oss spesielt at linja gjer eit ”byks” frå alderskategorien 25-34 år og til alderskategorien 35-49 år. Eit spørsmål som melder seg då, er om me her har å gjere med ein livsfaseeffekt, ein generasjonseffekt eller ein kombinasjon av desse? Med livsfaseeffekt meiner me her at det er tale om bestemte fasar i livet der ein gjerne er meir aktiv i organisasjonssamfunnet enn elles. Alderen 35-49 år er til dømes ein fase som for mange er prega av at ein har barn i skulealder som er med på fritidsaktivitetar organisert av organisasjonar, og der det vert forventa at ein deltar. Det er såleis ikkje uventa at personar i denne aldersgruppa er meir aktive enn andre.

I Figur 5 viser me fordelinga av talet på frivillige etter bakgrunnsvariablane kjønn, utdanning og barn i hushaldet, sivil status og hushaldsinntekt.

Figur 5. Prosentdel som har utført frivillig arbeid siste 12 måneder etter utvalte sosiale kjenneteikn. Prosent



Kjelde: Frivillig Innsats 2014. Signifikante samanhengar: Kjønn**, Utdanning***, Barn***; Sivil status**, Inntekt***. Signifikansnivå: * $\leq 0,05$, ** $\leq 0,01$, *** $\leq 0,001$

Me ser av Figur 5 at det er fleire menn enn kvinner som har utført frivillig arbeid siste 12 månader. Skilnaden på 6 prosentpoeng er statistisk signifikant. Ei hovudforklaring til denne forskjellen kan vere at menn i større grad engasjerer seg som frivillige innan idretten. Dette er den organisasjonstypen som tiltrekker størst grad av frivillige (for meir om variasjonar mellom organisasjonstypar, sjå under). 41 prosent av dei som utfører frivillig arbeid gjer dette for ein idrettsorganisasjon. Dersom me ser vekk i frå idrettsorganisasjonane og ser på frivillig arbeid for dei resterande 14 organisasjonstypane, vert skilnaden mellom menn og kvinner utviska. Me skal

seinare i rapporten sjå nærare på nokre av dei einskilde organisasjonstypane og sjå om det er tilsvarande skilnader mellom dei andre organisasjonstypane som den me har avdekka her.

Ser me på utdanning, ser me at dei med høg utdanning i større grad enn dei med låg utdanning deltar frivillig. Skilnader mellom dei som har låg og dei som har høg utdanning er på 9 prosentpoeng.

Når det gjeld sivil status, så viser figuren at ein større del av dei som er gifte eller registrerte partnarar er frivillig deltakande enn dei som ikkje er gifte eller partnarar. 64 prosent av dei som er gifte/ partnarar har utført frivillig arbeid for minst ein organisasjon siste 12 månader, medan det tilsvarande talet for dei andre er på 58 prosent.

Ser me på fordelinga av frivillig deltaking etter hushaldsinntekt, ser me at personar i hushald som er i dei lågare inntektsgruppene deltek mindre enn personar i hushald med høgare inntekt. For personar som bur i hushald som har mindre enn 500.000 i årleg inntekt, er nivået på deltakinga under 50 prosent. For personar i hushald med meir enn 500.000 i årleg inntekt er nivået på deltakinga vesentleg høgare, og ligg på høvesvis 63 og 66 prosent. Her må det leggst til at kategoriane for hushaldsinntekt er grove, og at dei med verkeleg høge inntekter ikkje vert synleggjort i materialet. Me ser også av fordelinga av respondentar innan inntektskategoriane at den siste gruppa, dvs hushald med meir enn 800.000 i årleg inntekt, utgjer over halvparten av dei spurte. (N=1017).

Den største skilnaden i figuren finn me mellom dei som har og dei som ikkje har barn under 16 år i hushaldet. Skilnaden er på 16 prosentpoeng, og det er dei med barn i hushaldet som i størst grad deltar frivillig samanlikna med dei som ikkje har barn.

Til slutt i denne delen skal me sjå på korleis dei frivillige fordeler seg etter kor sentral kommunen dei bur i er.⁹

9. Definisjonen av sentralitet er henta frå SSB sine nettsider: «Med sentralitet menes en kommunes geografiske beliggenhet sett i forhold til tettsteder av ulik størrelse. Tettstedene deles i tre nivåer etter folketall og tilbud av funksjoner. Tettsteder på nivå 3 er landsdelssentrene (eller et folketall på minst 50 000), nivå 2 har et folketall mellom 15 000 og 50 000, nivå 1 har et folketall mellom 5 000 og 15 000. For å beskrive de muligheter befolkningen i en kommune har for arbeidsreiser til et eller flere av disse tettstedene, har en inndelt kommunene i fire sentralitetsnivåer (0-3)».

(<http://stabas.ssb.no/ItemsFrames.asp?ID=5285601&Language=nb>)

Tabell 11. Prosentdel som har utført frivillig arbeid siste 12 måneder etter kommunesentralitet. Prosent.

	Minst sentrale	Mindre sentrale	Noko sentrale	Sentrale
Har utført frivillig arbeid	67	59	63	60
N (uvekta)=	186	122	311	1302

Kjelde Frivillig innsats 2014. Prosenttala er vekta

Tabellen viser at det er i dei minst sentrale kommunane at flest deltek som frivillig. Deretter kjem dei som bur i "noko sentrale" kommunar, der 63 prosent deltek, medan det i sentrale og mindre sentrale kommunar er ein deltakingsprosent på høvesvis 60 og 59 prosent. Jamvel om det er eit visst skilje mellom dei minst sentrale og dei mindre sentrale eller sentrale kommunane, er det ikkje tale om signifikante skiljer når me tester dei ulike fordelingane med hjelp av statistiske analyser.¹⁰

Oppsummering av stoda i 2014

Det ser ut til å vere heva over ein kvar tvil at menneske med ressurser i form av slike ting som til dømes utdanning og inntekt deltek i større grad enn dei som har mindre av slike ressurser, og det gjeld både i organisasjonslivet og i samfunnet elles (Olsen og Sætren 1980; Verba; Schlozman og Brady 1995, Togeby 2003). Tala som er presentert i figuren er likevel berre eit tverrsnitt av stoda, slik den kom til uttrykk i den siste undersøkinga i 2014. Eit spørsmål som melder seg er om det skjer endringar over tid. Er det nokre tendensar bakom denne stabiliteten som me har skildra her? Dette er fokuset for den neste delen av rapporten, der me studerer utviklinga meir i detalj over tid.

Utvikling i samanhengen mellom frivillig arbeid og sosial bakgrunn over tid

Til no har me sett på nivået og dei generelle kjenneteikna ved dei frivillige samla sett. Me har presentert tal som gjev eit tverrsnitt av den norske befolkninga i 2014. I denne delen skal me legge til dei andre undersøkingane og sjå på utviklinga over tid. Dette gjer me med hjelp av sokalla logistiske regresjonar. Den avhengige variabelen er ein dikotom variabel (to verdiar) der verdi 1 = har utført frivillig arbeid siste 12 månader og verdi 0 = har ikkje

10. Pga manglande samsvar mellom undersøkingane når det gjeld kommunetilhøyrle har me valt å ikkje inkludere denne variabelen i dei samla analysene som me gjennomfører i dei resterande delane av rapporten.

utført frivillig arbeid. Dei uavhengige variablane er, med unntak av alder og inntekt, også dikotome. I Tabell 12 i ser me dei ulike variablane og korleis dei er koda.

Tabell 12 Liste over avhengige og uavhengige variablar

Variabelnamn	Obser- vasjonar	Gjennom- snitt	Standard avvik	Min	Maks	Kommentar
Frivillig arbeid	6 416	0.6	0.5	0	1	1=har utført frivillig arbeid 0=ikkje utført frivillig arbeid 1=16-24 år 2= 25-34 år 3=35-49 år 4=50-59 år 5=60-66 år 6=67 år +
Alder	6 310	3.3	1.5	1	6	1=kvinne 0=mann
Kvinne	6 428	0.5	0.5	0	1	1=har barn under 16 år i hushaldet* 0=har ikkje barn
Barn*	6 218	0.3	0.5	0	1	
Utdanning	6 428	0.3	0.5	0	1	1=høg utdanning 0=låg utdanning
Sivil status	6 425	0.5	0.5	0	1	1= Gift/ reg.partner 0= ikkje gift/ reg.partner
Hushaldsinntekt	5 924	3.6	1.2	1	5	1= 0/150.000 2= 150-300.000 3=300-500-000 4=500-800.000 5 = 800 000 og meir

Kjelde: Frivillig innsats 1998-2014 * For 2014 undersøkinga gjeld det personar under 18 år i hushaldet

Alle undersøkingane som er omtala vert her slått saman til éi datafil og me analyserer data samla. I dette samla datasettet lagar me variabelen tid som skil mellom undersøkingane etter årstal (1998, 2004, 2009 og 2014). Denne variabelen nyttar me deretter for å undersøke effektane av dei uavhengige variablane over tid.

Ut i frå gjennomgangen av dei ulike samanhengane mellom frivillig arbeid og dei ulike bakgrunnsvariablane, er det grunn til å vente at den typisk frivillige er ein middelaldrande mann, med barn i hushaldet og som har høg inntekt og utdanning. Spørsmålet me stiller oss her er kva for bakgrunnsvariablar som spelar størst rolle (statistisk sett) og korleis dette utviklar seg over tid. Forsvinn til dømes effekten av inntekt når me kontrollerer for utdanning? Er skiljet mellom dei som har barn eller ikkje viktigare enn skiljet mellom menn og kvinner? Og blir skilnadane forsterka eller svekka over måleperioden frå 1998 til 2014? Dette er nokre av spørsmåla me skal sjå på her.

I staden for å presentere lange tabellar tettpakka med informasjon om ustandardiserte koeffisientar, standardfeil, signifikansnivå og meir, legg me her heller vekt på å presentere sokalla predikerte sannsyn.¹¹ Dette er tal som seier noko om kor stort sannsynet er for at ein utfører frivillig arbeid, kontrollert for dei andre uavhengige variablane som me har med i analysemodellen.¹² Gjennom å framstille tala på denne måten, er det vår målsetjing at det skal verte enklare for lesaren å fylgje endringane over tid, og sjå kva for kjenneteikn som har konsekvensar for den frivillige deltakinga.

Me har analysert datamaterialet i to steg, og presenterer funna våre deretter:

- Fyrst ser me på ein ein sokalla bivariat samanheng, der me undersøker dei ulike variablane sin effekt kvar for seg samt effekten over tid. Her er føremålet å sjå på den einskilde variabelen sin sjølvstendige forklaringskraft, samt om det er noko endring over tid. For å vurdere endring over tid, nyttar me eit sokalla samspelsledd, der effekten av den einskilde variabelen (til dømes kjønn) vert fulgt over tid.¹³

11. For den som ynskjer å lese detaljerte tabellar med koeffisientar, standardfeil med meir viser me til Appendix B for fyldig presentasjon av resultat frå dei ulike analysane.


12. Me nyttar kommandoen "margins" i statistikkprogrammet STATA. For meir detaljert informasjon om korleis predikert sannsyn vert rekna ut, sjå Mitchell (2012) og Ringdal (2001).

13. I eit samspelsledd multipliserer me den aktuelle uavhengige variabelen med tidsvariabelen.

- Deretter gjer me ein samla analyse, også kalla multivariat analyse, der me undersøker alle variablane i ein samla analysemodell. Her inkluderer me samspelsledd mellom undersøkingsår og den einskilde variabel i dei tilfelle dei viste seg å vere signifikante i den føregåande bivariate analysen.

Me startar med å sjå på effekten av alder. I Figur 6 har me delt inn respondentane i 6 alderskategoriar, og ser på fordelingane etter undersøkingsår.

Figur 6. Sannsyn for å ha utført frivillig arbeid siste 12 månader etter alderskategori og undersøkingsår. Prosent.



Kjelde: Frivillig innsats 1998-2014. N= 6298¹⁴

Figuren viser at det er det same mønsteret over tid. Aldersgruppa 35-49 år er den mest aktive gruppa, og det gjeld for alle undersøkingane. Effekten av alder er med andre ord uendra over tid.

Også når det gjelder kjønn finner me liten endring over tid: I Tabell 13 viser me sannsynstala for høvesvis kvinner og menn etter undersøkingsår, samt differansen mellom kjønna.

14. I resultatframstillingar frå ulike regresjonsanalyser, viser N til det samla talet på observasjonar som inngår i analysen. Sjå elles appendikstabellar for meir detaljert informasjon.

Tabell 13. Sannsyn for å ha utført frivillig arbeid siste 12 måneder etter kjønn og undersøkingsår. Prosent.

	Kvinne	Mann	Differanse
1998	49	55	-6
2004	57	63	-6
2009	45	50	-5
2014	58	64	-6

Kjelde: Frivillig innsats 1998-2014 N=6416

Resultatet frå analysen synte at kjønn i seg sjølv har ein signifikant effekt og at det er eit skilje mellom kjønna. Menn deltek i større grad enn kvinner i frivillig arbeid. Skilnadene er også stabile over tid. Det er ein gjennomgåande skilnad på mellom 5 og 6 prosentpoeng for alle undersøkingane me har med her. Det er med andre ord eit vedvarande skilje mellom kvinner og menn, der menn deltek i større grad enn kvinner. Dette er vel å merke når me talar om frivillig arbeid for organisasjonar generelt. Her ligg det også nokre variasjonar når me bryt ned tala for dei einskilde organisasjonstypene. Me skal kome attende til dette seinare i rapporten, der me mellom anna viser at skiljet mellom kvinner og menn vert større innan einskilde organisasjonstypar, og då særskilt idretten.

Frå kjønn går me over til å sjå på utdanning. Også her slår resultata fast at det er eit statistisk signifikant skilje. Samanhengane er positive, noko som tyder på at dei med høgare utdanning er meir frivillig deltakande enn dei med lågare utdanning. Tar me inn tidsvariabelen, viser tala at samanhengen er negativ og for den siste undersøkinga i 2014 er denne også signifikant på 10-prosents-nivå.¹⁵

Tabell 14. Sannsyn for å ha utført frivillig arbeid siste 12 måneder etter utdanning og undersøkingsår. Prosent.

	Høg utdanning	Låg utdanning	Differanse
1998	63	47	16
2004	69	57	12
2009	54	44	10
2014	67	58	9

Kjelde: Frivillig innsats 1998-2014. N = 6416

15. Når noko er signifikant på 10-prosentsnivå tyder dette at det er sannsynleg at me har rett i 90 av 100 tilfeller. På same tid seier me at det er sannsynleg at me tek feil i 10 av 100 tilfelle. Då er det med andre ord 10 prosent sannsynleg at me kan ta feil om den avdekka samanhengen faktisk finst i røynda.

Som me ser av differansane så vert dei mindre over tid. Dette skuldast primært at dei med lågare utdanning aukar sin deltaking, medan dei med høgare utdanning vert på sitt nivå. Det er med andre ord ein tendens til ei utjamning der dei med lågare utdanning kan vere i ferd med å nærme seg dei med høgare utdanning i det frivillige engasjementet. Dette kan moglegvis sjåast i samanheng med det neste tilhøvet som me skal undersøkje, nemleg det å ha barn i hushaldet.

Figur 6, som viste fordelinga av frivillig innsats etter aldersgruppe, synte at det er særskilt dei mellom 35 og 49 år som er aktive. Det er nærliggande å tru at dette heng saman med om ein har barn i hushaldet eller ikkje. Den gjennomsnittlege alderen på mødre og fedre ved fyrstegongsfødslar i Noreg var i 2014 på høvesvis 30,6 og 33,6 år (kjelde SSB.no). Dermed er det ikkje uventa at det er nett i dette aldersspennet, 35-49 år, at me finn mange frivillige, ettersom det er i denne perioden at mange har barn som er aktiv i ulike lag og organisasjonar. I Tabell 15 rapporterer me sannsynet for å ha utført frivillig arbeid etter om ein har barn i hushaldet eller ikkje og undersøkingsår:

Tabell 15. Sannsyn for å ha utført frivillig arbeid siste 12 månader etter om ein har barn i hushaldet eller ikkje og undersøkingsår. Prosent.

	Har barn	Har ikkje barn	Differanse
1998	58	48	10
2004	72	54	18
2009	55	44	12
2014	72	56	16


Kjelde: Frivillig innsats 1998-2014 N = 6206

Tabellen viser at effekten av barn har vorte større over tid, men det er også slik at den største skilnaden mellom dei som har barn og ikkje er i 2004. Skilnadane er signifikante på 5 prosents nivå for 2004- og 2014-undersøkinga.

Saglie og Segaaard (2013) finn at 76 prosent av foreldre til barn som deltar i organiserte fritidsaktivitetar har gjort ein frivillig innsast som forelder det siste året. Nesten ni av ti foreldre med barn som deltar i organiserte fritidsaktivitetar har på eit eller anna tidspunkt gjort ein frivillig foreldreinnsats. Dei fleste som har barn som driv med organiserte fritidsaktivitetar oppgjev også at dette dreier seg om idrettsaktivitetar.

Når det gjeld variabelen for hushaldets samla inntekt så finn me at samanhengen er positiv. Det vil seie at dei med høg inntekt deltek meir, samanlikna med dei som har mindre inntekt. Desse samanhengane er nokså konstante, og det endrar seg lite over tid. Dette ser me tydeleg i Figur 7, som viser sansynnet for å delta som frivillig etter inntektskategori på ulike tidspunkt.

Figur 7. Sannsyn for å ha utført frivillig arbeid siste 12 måneder etter hushaldets inntektskategori og undersøkingsår. Prosent.



Kjelde: Frivillig innsats 1998-2014 N = 5921

No er det diverre slik at variabelen som måler hushaldets inntekt er noko mangelfull i våre datasett. Som nemnt over er inndelinga noko grov, ved at respondentane frå hushald med store inntekter ikkje vert synleggjort. Inntektskategorien "800.000 eller meir" utgjer til dømes i 2014 over halvparten av datasettet. I tillegg så har inntektsvariabelen også ein del manglande data i våre datasett. 504 respondentar, av totalt 6428 respondentar, har manglande verdiar, eller har latt vere å svare på spørsmålet om inntekt. Ingen andre variablar har tilsvarande høge tal når det gjeld manglande verdiar. Me har difor ikkje inkludert variabelen inntekt i dei samla analysene i rapporten, men rapporterer her resultat frå bivariate analyser.

Til slutt ser me på effekten av sivil status, der me skil mellom dei som er gifte/ registrerte partnarar og dei som ikkje er det. Som det går fram av Tabell 16, er det slik at dei som er gifte/ registrerte partnarar i større grad seier at dei har gjort ein frivillig innsats, enn dei som ikkje er det. Interessant nok er denne differansen på 9 prosentpoeng gjennom heile måleperioden vår.

Tabell 16. Sannsyn for å ha utført frivillig arbeid siste 12 måneder etter sivil status og undersøkingsår. Prosent

	Gift/ reg. Partner	Ikke gift/ reg. partner	Differanse
1998	54	45	9
2004	64	56	9
2009	52	43	9
2014	66	57	9

Kjelde: Frivillig innsats 1998-2014 N = 6394

Til slutt i denne delen av rapporten viser me resultatene frå ein samla analyse. Som nemnt inkluderer me ikkje samspelseffektar over tid for dei variablane som ikkje synte endringar mellom dei ulike undersøkingane. For variabelen barn og utdanning har me derimot inkludert dette samspelsleddet. Føremonen med ein samla analyse er at me kan kontrollere effekten av dei ulike sosiale bakgrunnsvariablane opp imot kvarandre. Dersom det er slik at alderseffekten primært handlar om det å ha barn, så vil dette kome til uttrykk i ein samla analyse ved at effekten av alder ikkje lenger er signifikant, medan effekten av det å ha barn vil halde seg signifikant.

Tabell 17. Sannsyn for å ha utført frivillig arbeid siste 12 måneder. Samla analyse. Prosent

		Sannsyn	Differansea
Alder	16-24 år	56	
	25-34 år	51	-5*
	35-49 år	61	5*
	50-59 år	57	1
	60-66 år	53	-3
	67 år +	52	-4
Kjønn	Kvinne	52	
	Mann	59	7***
Barn	Har barn	62	
	Har ikkje barn	53	-9***
Utdanning	Låg utdanning	53	
	Høg utdanning	62	9***
Sivil status	Ikke gift/ ikke reg. partnar	53	
	Gift/ registrert partnar	58	5***
Tid	1998	51	
	2004	61	10**
	2009	49	-2
	2014	62	11***

Kjelde: Frivillig innsats 1998-2014. N = 6097

Analyseresultat frå logistisk regresjon, sjå appendiks for detaljert resultattabell. ^a For alder og tid viser me her differansen mellom lågaste og den aktuelle kategorien i rada. Signifikansnivå: *≤0,05, **≤0,01, ***≤0,001


Tabellen viser at mange av dei funna me har presentert so langt står seg, også når me kontrollerer for effekten av andre variablar. I korte trekk viser tabellen at:

- Kvinner deltek i mindre grad enn menn
- Aldersgruppa 35-49 år er mest aktive
- Personar med barn i hushaldet deltek meir
- Dei med høgare utdanning deltek meir enn dei med lågare utdanning
- Gifte/ registrerte partnarar deltek meir
- Det skjer ei auke i deltakinga over tid, men der 2009-undersøkinga skil seg negativt ut frå dei andre.

I tillegg viste analysen at det skjer ei signifikant endring over tid bår det gjeld samanhengane med utdanning og barn (resultat ikkje vist i tabell). Dei med lågare utdanning deltek meir i 2014 samanlikna med tidlegare undersøkingar, og skiljet mellom utdanningsgruppene vert mindre over tid på grunn av dette (dei med høgare utdanning deltek ikkje mindre i dag enn før). Også det å ha barn ser ut til å verte viktigare over tid, men her er ikkje funna like eintydige som for samanhengen mellom frivillig arbeid og utdanning.

Samla sett er det altså to hovudfunn frå desse analysane som er verdt å understreke. For det fyrste ser me klart at effekten av å ha barn er blitt viktigare for om folk deltek i frivillig arbeid eller ikkje. Dette ser ut til å vere ein del av eit generelt bilete me ser i samfunnet, der koplingane og samværet mellom barn og foreldre ser ut til å verte tettare enn før (Bakken 2014). For det andre så ser me ein interessant tendens til at utdanning er svekka som forklaringskraft over tid. Det ser med andre ord ut til å skje ei utjamning når det gjeld deltakinga sett i ljøs av utdanningsnivået. Heng dette saman med effekten av å ha barn? Dei med låg utdanning har også barn og dersom det er slik at forventningane om å stille opp dersom ein har barn har auka, er det også grunn til å tru at dei med låg utdanning og barn i større grad deltek. Figuren under ser ut til å støtte opp om dette og viser fordelinga av frivillig arbeid etter utdanning og om ein har barn i hushaldet eller ikkje:

Figur 8. Frivillig deltaking etter utdanning, om ein har barn og årstal. Prosent¹⁶



Kjelde: Frivillig innsats 1998-2014. Har ikkje barn, låg utdanning N = 2898; Har barn, låg utdanning N = 1308; Har ikkje barn, høg utdanning N = 1137; Har barn, høg utdanning N = 863

Figuren viser at i 1998 hadde dei med høg utdanning ein høgare deltakingsprosent uavhengig av om ein hadde barn eller ikkje. Frå 2004 og utover ser me at dei med låg utdanning og barn i hushaldet passerer dei med høg utdanning utan barn i hushaldet, og at dette mønsteret står seg ved den siste undersøkinga i 2014. Her har det med andre ord skjedd ei endring sidan fyrste målepunktet i 1998.

Samanheng mellom frivillig arbeid for ulike organisasjonstypar og sosial bakgrunn

Til no har me altså sett på generelt på frivillig arbeid utført for minst ein organisasjon dei siste 12 månadane. I dei neste sidene ser me meir konkret på korleis det frivillige arbeidet fordeler seg på dei ulike organisasjonstypene me har med i vårt materiale. Sidan me veit at særleg idrettsorganisasjonane utgjør

16. Figuren viser den prosentvise fordelinga i datamaterialet, og er ikkje utrekna på grunnlag av regresjonsanalyser.

ein stor del av frivillig sektor, er det interessant å undersøkje i kva grad idretten skil seg frå dei andre organisasjonstypene. Me startar derfor med ein gjennomgang av generelt frivillig arbeid der me held dei idrettsfrivillige utanom analysen.

Frivillig arbeid utanom idretten

I Tabell 18 viser me resultata frå ein samla analyse av frivillig arbeid, der me held dei som utfører frivillig arbeid for idretten utanfor analysen. Som det går fram av tabellen skjer det no ein del endringar. Det fyrste me ser er at det er ingen vesentlege aldersskilnader. Aldersgruppa 35-49 år, som i dei føregåande analysane dominerte, gjer ikkje det lenger og fordelinga er meir jamn mellom aldersgruppene. Dei yngste aldersgruppene, 16-24 år og 25-34 år, har rett nok ein lågare deltakingsprosent enn dei eldste, men skilnadane er ikkje signifikante. Heller ikkje skilje mellom kvinner og menn er no signifikant, og prosentskilnaden mellom dei er på kun 2 prosentpoeng. Også det å ha barn er no av mindre tyding, noko som var eit av dei viktige funna me såg ovanfor. Skilje mellom høgt og lågt utdanna er derimot framleis signifikant. Tabellen viser at når me kontrollerar for effekten av dei andre bakgrunnsvariablane, er det sannsynleg at 50 prosent av dei med høgare utdanning utfører frivillig arbeid for organisasjonar utanom idretten. Tilsvarende er talet 40 prosent for dei med lågare utdanning. Mellom gifte/ partnarar og ikkje-gifte er det eit skilje på 5 prosentpoeng, noko som er signifikant i denne tabellen.

Med tanke på utviklinga i frivillig arbeid over tid viser tabellen at det skjer ein auke i 2004 og 2014 samanlikna med 1998. Vidare viser resultata frå analysen at nesten ingen av desse funna som me no har påpeikt endrar seg over tid. Unntaket er ein svak tendens til at utdanningsskilnadane vert mindre over tid (tal ikkje rapportert i tabellen). Skilje mellom dei lågt og høgt utdanna var i 1998 på rundt 15 prosentpoeng. Dette skiljet har minka gradvis over tid og skilje i 2014 er på rundt 7 prosentpoeng. Samla sett vil det seie at skiljet mellom gifte og ikkje-gifte held seg over tid, det same gjer skiljet mellom høgt og lågt utdanna, men her ser me tendensar til utjamning. På same tid er fråværet av skilnader mellom dei ulike gruppene også stabile. Til dømes er den marginale skilnaden mellom kvinner og menn nettopp det, marginal, i alle undersøkingane me har med i denne samla analysen.

Tabell 18. Sannsyn for å ha utført frivillig arbeid for organisasjoner utanom idretten siste 12 månader. Samla analyse. Prosent.

		Sannsyn	Differanse ^a
Alder	16-24 år	42	
	25-34 år	39	-3
	35-49 år	43	1
	50-59 år	45	3
	60-66 år	45	3
	67 år +	44	2
Kjønn	Kvinne	42	
	Mann	44	2
Barn	Har barn	43	
	Har ikkje barn	43	0
Utdanning	Låg utdanning	40	
	Høg utdanning	50	10***
Sivil status	Ikkje gift/ ikkje reg. partner	40	
	Gift/ registrert partner	45	5**
Tid	1998	39	
	2004	48	9***
	2009	36	-3
	2014	48	9***

Kjelde: Frivillig innsats 1998-2014. N = 4714

Analyseresultat frå logistisk regresjon, sjå appendiks for detaljert resultattabell. ^a For alder og tid viser me her differansen mellom lågaste og den aktuelle kategorien i rada. Signifikansnivå: *≤0,05, **≤0,01, ***≤0,001

Frivillig arbeid innan idretten

Resultata frå dei analysane me har presentert so langt i rapporten peikar i retning av at det særskilt innan idretten er tendensar som skil seg frå resten av organisasjonslivet. I tabellen under ser me resultata frå den samla analysen når det gjeld idrettsorganisasjonane. Ser me på aldersfordelinga, så er det særskilt den yngste aldersgruppa og gruppa 35–49 år som utmerkar seg ved at høvesvis 25 og 35 prosent har sannsyn for å delta frivillig, kontrollert for effekten av dei andre kjenneteikna. Dei to eldste aldersgruppene, 60–66 år og 67 år og oppover utmerkar seg også negativt, ved at det er ei vesentleg mindre gruppe av desse som utfører frivillig arbeid for idrettsorganisasjonane. Ser me på fordelinga mellom kvinner og menn, er det som me har peika på tidlegare i rapporten stor skilnad mellom kjønna. Menn deltek i større grad enn kvinner innan idretten. Den største skilnaden innan idretten er mellom dei som har og dei som ikkje har barn i hushaldet. Her viser tabellen at dersom ein har barn i hushaldet er det 32 prosent sannsyn for at ein utfører frivillig innsats for ein idrettsorganisasjon. Om ein ikkje har barn er talet på 17 prosent, noko som gjev ein prosentdiferranse på 15 prosentpoeng. Dette er også den einaste bakgrunnsvariabelen som viser ein tendens til endring over

tid (tal ikkje vist i tabellen her). Medan det i 1998 var ein differanse mellom dei som har barn og dei som ikkje har det på 9 prosentpoeng, aukar differansen over tid. Både i 2009 og i 2014 var differansen på 16 prosentpoeng. Også når me ser på skilnader mellom høgt og lågt utdanna, samt gifte og ugifte, finn me skilnader som er reelle (statistisk signifikante). Dei høgt utdanna og gifte deltek i større grad enn dei lågt utdanna og ugifte. Med tanke på nivået, altså kor mange som utfører frivillig arbeid for idrettsorganisasjonane, så viser tabellen at det skjer ein auke over tid. Dette gjeld når me samanliknar 2004 og 2014 opp mot 1998.

Tabell 19. Sannsyn for å ha utført frivillig arbeid for idrettsorganisasjonar siste 12 månader. Samla analyse. Prosent.

		Sannsyn	Differanse
Alder	16-24 år	25	
	25-34 år	20	-5**
	35-49 år	30	5*
	50-59 år	20	-5*
	60-66 år	12	-13***
	67 år +	12	-13***
Kjønn	Kvinne	18	
	Mann	27	8***
Barn	Har barn	32	
	Har ikkje barn	17	-15***
Utdanning	Låg utdanning	21	
	Høg utdanning	25	4**
Sivil status	Ikkje gift/ ikkje reg. partner	21	
	Gift/ registrert partner	24	3**
Tid	1998	20	
	2004	24	4
	2009	20	0
	2014	27	7*

Kjelde: Frivillig innsats 1998-2014. N =6098

Analyseresultat frå logistisk regresjon, sjå appendiks for detaljert resultattabell. ^a For alder og tid viser me her differansen mellom lågaste og den aktuelle kategorien i rada. Signifikansnivå: *≤0,05, **≤0,01, ***≤0,001

Frivillig arbeid innan velforeiningar

Velforeiningane er i 2014 den nest største organisasjonstypen når det gjeld å tiltrekke seg frivillige. Dette dreier seg om aktivitetar knytt til nærmiljø og grendelag. Tala frå 1998 er, som påpeika tidlegare, noko underestimerte då dei ikkje vart nemnt som eigne kategoriar i denne undersøkinga. Me rapporterer derfor her berre resultat frå dei tre siste undersøkingane 2004, 2009 og 2014.

Det er primært på to områder at velforeiningsfrivillige skil seg frå dei frivillige generelt. For det fyrste er aldersfordelinga noko annleis. Som Tabell 20 viser, er det blant dei aller yngste at velforeiningane har færrest deltakarar. Vidare er det aldersgruppa 50–59 år som utgjer topppunktet, det vil seie den aldersgruppa som er best representert. For det andre er det eit fråvær av skilje mellom utdanningsgruppene. Personar med låg og høg utdanning deltek i like stor grad innan velforeiningane. For dei andre kjenneteikna; kjønn, barn og sivilstand, finn me det same som før: signifikante skiljer der menn, personar med barn i hushaldet og gifte/ partnarar deltek i større grad enn kvinner, personar utan barn og ugifte.

Tabell 20. Sannsyn for å ha utført frivillig arbeid for velforeiningar siste 12 månader. Samla analyse. Prosent.

		Sannsyn	Differanse
Alder	16-24 år	10	
	25-34 år	15	5**
	35-49 år	18	8***
	50-59 år	19	9***
	60-66 år	17	7**
	67 år +	15	5*
Kjønn	Kvinne	13	
	Mann	19	6***
Barn	Har barn	20	
	Har ikkje barn	14	-6***
Utdanning	Låg utdanning	16	
	Høg utdanning	16	0
Sivil Status	Ikkje gift/ ikkje reg. partnar	14	
	Gift/ registrert partnar	18	4***
Tid	2004	18	
	2009	12	-6***
	2014	18	0

Kjelde: Frivillig innsats 1998-2014. N = 4701

Analyseresultat frå logistisk regresjon, sjå appendiks for detaljert resultattabell. ^a For alder og tid viser me her differansen mellom lågaste og den aktuelle kategorien i rada. Signifikansnivå: *≤0,05, **≤0,01, ***≤0,001

Frivillig arbeid innan hobby- og fritidsorganisasjonar

Også hobby- og fritidsorganisasjonar utgjør ein stor del av frivillig sektor (27 prosent av dei frivillige hadde utført frivillig arbeid for denne organisasjonstypen i 2014). Dømer på slike organisasjonar er: friluttsliv, motor- og båtforeningar, dyreeigarklubbar, pensjonistforeningar, samt sosiale klubbar som Rotary, Lions og liknande.

Sidan organisasjonar som pensjonistforeningar er med i denne kategorien, er det kanskje ikkje overraskande at dei i aldersgruppa 67+ er særleg deltakande samanlikna med dei andre alderskategoriane. Deretter viser resultatane at det er skiljet mellom menn og kvinner, der menn i større grad deltek enn kvinner. For kjenneteikna knytt til utdanning og det å ha barn finn me ingen skiljer. Det er med andre ord lik fordeling mellom dei med høg og låg utdanning når det gjeld deltaking, og det er tilsvarande mellom dei med og dei utan barn. For sivil status finn me at gifte er meir deltakande enn ugifte.

Tabell 21. Sannsyn for å ha utført frivillig arbeid for hobby- og fritidsorganisasjonar siste 12 månader. Samla analyse. Prosent.

		Sannsyn	Differanse
Alder	16-24 år	14	
	25-34 år	11	-3
	35-49 år	15	1
	50-59 år	15	1
	60-66 år	14	0
	67 år +	20	6**
Kjønn	Kvinne	13	
	Mann	17	4***
Barn	Har barn	15	
	Har ikkje barn	15	0
Utdanning	Låg utdanning	15	
	Høg utdanning	15	0
Sivil Status	Ikkje gift/ ikkje reg. partner	14	
	Gift/ registrert partner	16	2*
Tid	1998	11	
	2004	21	10
	2009	13	2
	2014	16	5

Kjelde: Frivillig innsats 1998-2014. N = 6097

Analysesultat frå logistisk regresjon, sjå appendiks for detaljert resultattabell. ^a For alder og tid viser me her differansen mellom lågaste og den aktuelle kategorien i rada. Signifikansnivå: *≤0,05, **≤0,01, ***≤0,001

Fordelinga av deltaking etter soiale kjenneteikn for hobby- og fritidsorganisasjonar skil seg altså frå dei andre ved at det er litt fleire eldre som deltek, og at det ikkje er noko skilje mellom det å ha barn eller ikkje, samt mellom høgt og lågt utdanna. Det er likevel nokre tendensar over tid som er verdt å merkje seg. For det fyrste viser resultata at skiljet mellom kvinner og menn vert mindre over tid (tal ikkje rapportert i tabellen). I 1998 var skiljet mellom kvinner og menn på 11 prosentpoeng. I 2014 har dette skiljet vorte redusert til 4 prosentpoeng. Eit spørsmål som då meldar seg er om det er kvinnene som aukar sitt engasjement eller om det er mennene som reduserer/ opprettheld sitt? Tala frå våre undersøkingar peikar ikkje i noko eintydig retning. Tabell 22 viser sannsynet for å ha delteke frivillig etter kjønn og undersøkingsår. Som me ser er det særskilt frå 1998 til 2004 at det skjer ein auke blant kvinnene. Auken er på 14 prosentpoeng. Samstundes aukar også menn sitt deltakingsnivå, men då i litt mindre grad, frå 16 til 23 prosent, noko som gjev ein differanse på 7 prosentpoeng. Deretter skjer det ein reduksjon blant begge kjønn frå 2004 til 2009, men det er større reduksjon blant menn, og skilje mellom kjønna er no på 2 prosentpoeng. Frå 2009 til 2014 aukar nivået igjen, men då aukar det mest blant menn. I sum peikar dette altså på at både nivået og skilnaden mellom kjønna svingar frå år til år, men at skilje likevel er mindre i dag enn det var for 16 år sidan.

Tabell 22. Sannsyn for å ha utført frivillig arbeid for hobby- og fritidsorganisasjonar siste 12 månader etter kjønn og årstal. Prosent.

	Kvinne	Mann	Differanse
1998	5	16	-11
2004	19	23	-4
2009	12	14	-2
2014	14	19	-5

Kjelde: Frivillig innsats 1998-2014. N = 6098

Også når det gjeld skiljet mellom det å ha barn og det å ikkje ha barn skjer det ein svak tendens til endring. Her er det rett nok mindre tydelege tendensar. I 2004 og 2014 var det fleire med enn utan barn i hushaldet som var aktive i hobby- og fritidsorganisasjonar. Dette står i kontrast til 1998 og 2009, då det var fleire utan barn som deltok enn blant dei som hadde barn i hushaldet. Likevel tyder resultata frå analysen på ein tendens, om enn noko svak, som går i retning av at dei med barn i hushaldet vil vere meir deltakande innan organisasjonane knytt til hobby og fritidsaktivitetar.

Frivillig arbeid innan kunst og kulturorganisasjonar

Til slutt i denne gjennomgangen av dei organisasjonstypene som tiltrekker seg flest frivillige deltakarar skal me sjå på frivillig arbeid innan kunst- og kulturorganisasjonar.

For denne organisasjonstypen er det fyrst og fremst alder og utdanning som utmerkar seg. Det er i aldersgruppene 35–49 og 50–59 år me finn dei fleste frivillige her. Vidare deltek dei med høg utdanning i større grad enn dei med låg utdanning. Om me derimot samanliknar med andre organisasjonstypar som idretten og velforeiningar, finn me at det for kunst- og kulturorganisasjonar er tale om små skilnader mellom gruppene. Dessutan er ikkje kjenneteikn som kjønn, det å ha barn eller sivil status relevante skiljer for denne organisasjonstypen. Det er også ein tendens til at skiljet mellom høgt og lågt utdanna vert mindre over tid. I 1998 var skiljet på 6 prosentpoeng (8 prosent av lågt utdanna deltok, mot 14 prosent av høgt utdanna). Dette har gradvis svekka seg og i 2014 var differansen på 1 prosentpoeng (13 prosent for dei med låg utdanning og 14 prosent for dei med høgare utdanning). Dermed ser det ut til at dei med lågare utdanning har auka sitt engasjement innan denne organisasjonstypen, medan dei med høgare utdanning har oppretthalde sitt nivå.

Tabell 23. Sannsyn for å ha utført frivillig arbeid for kunst- og kulturorganisasjonar siste 12 månader. Samla analyse. Prosent.

		Sannsyn	Differanse
Alder	16-24 år	10	
	25-34 år	8	-2
	35-49 år	14	4**
	50-59 år	13	3*
	60-66 år	9	-1
	67 år +	10	0
Kjønn	Kvinne	12	
	Mann	11	-1
Barn	Har barn	12	
	Har ikkje barn	11	-1
Utdanning	Låg utdanning	10	
	Høg utdanning	14	4***
Sivil Status	Ikkje gift/ ikkje reg. partner	10	
	Gift/ registrert partner	12	2
Tid	1998	10	
	2004	11	1
	2009	11	1
	2014	13	3**

Kjelde: Frivillig innsats 1998-2014. N = 6098

Analyseresultat frå logistisk regresjon, sjå appendiks for detaljert resultattabell. ^a For alder og tid viser me her differansen mellom lågaste og den aktuelle kategorien i rada. Signifikansnivå: *≤0,05, **≤0,01, ***≤0,001

Frivillig deltaking for dei mindre organisasjonstypene


Dei mindre organisasjonstypene er dei som har mindre enn 20 prosent av den totale massa av frivillig arbeid. Her vert utvalet av respondentar ikkje tilstrekkeleg til å gjere nokre djuptpløyande statistiske analyser. Her kan ein til dømes argumentere for å slå saman organisasjonar som helse og sosial, som gjerne er retta inn mot det offentlege (sjå oppsummering for drøfting kring organisasjonstypar). Me har gjennomført analyser tilsvarende det me har gjort over, der me har slått i hop dei som har utført frivillig arbeid for organisasjonar innan helse og/eller sosialfeltet (sjå Appendikstabell 16 for framstilling av resultat). Resultata synte at det var nesten ingen av dei sosiale bakgrunnsfaktorane som gjorde utslag. Det vil seie at den sosiale profilen til den typisk frivillige innan helse- og sosialfeltet er tilnærma flat ved at det ikkje er noko skilje mellom aldersgrupper, utdanning, sivil status eller det å ha barn i hushaldet. Det einaste kjenneteiknet som slår delvis ut er kjønn. Kvinner ser ut til å vere frivillige i større grad innan organisasjonar på helse- og sosialfeltet enn det menn er. Det er likevel grunn til å understreke at det er tale om små skilnader.

Elles når ein ser utviklinga over tid, så er det to organisasjonstypar som viser merkbar endring. Den eine er dei religiøse og me tilskriv dette i stor grad endringa til den norske kyrkja, som går frå å vere ein offentlig institusjon til å verte ein sjølvstendig og delvis privat aktør på lik line med dei andre livs- og trusorganisasjonane.¹⁷ Den andre organisasjonstypen er utdanningsorganisasjonane. Her viser fordelingane at det er særskilt dei med barn i hushaldet som ser ut til å auke sitt frivillige engasjement innan denne organisasjonstypen:

17. Det kan også vere grunn til å tru at noko av den auken me har vore vitne til i 2014 skuldast nett auken innan denne organisasjonstypen. Dette kan tenkast å både gjelde innlemming av aktivitet innan Den norske kirke, men også det som kjem på grunnlag av auka innvandring og ei meir mangfaldig befolkningssamansetjing.

Figur 9. Prosentdel personar som har utført frivillig arbeid siste 12 månader for utdanningsorganisasjon etter om ein har barn eller ikkje og årstal.

Prosent



Kjelde: Frivillig innsats 1998-2014. Har ikkje barn N=158; Har barn N=167.

Timar frivillig arbeid og sosial bakgrunn

Når me undersøker effekten av dei ulike sosiale bakgrunnsvariablane opp mot kor mange timer ein utfører frivillig arbeid, finn me få statistisk signifikante samanhengar. I tabellen under viser me resultatet frå ein samla regresjonsanalyse. I motsetnad til tidlegare nyttar me her ein ordinær regresjonsanalyse (også kalla minste kvadraters (OLS) regresjon) ettersom den avhengige variabelen her varierer mellom 1 timar og 60 timar utført frivillig arbeid. Analysen er gjennomført på dei som svarar at dei har utført minst 1 time frivillig arbeid siste 4 veker, og det gjeld for alle organisasjonstypene. Dette gjer at talet på observasjonar her er vesentleg lågare enn for dei føregåande analysane (totalt 2092 observasjonar). Dei predikerte sansyna i tabellen viser det sannsynlege timetalet for den gitte variabelen. Det vil seie at den fyrste verdien «18,2» for aldersgruppa 16–24 er det timetalet som analysen predikerer at denne aldersgruppa vil utføre av frivillig arbeid, kontrollert for effekten av dei andre variablane.

Tabell 24. Estimert antal timar utført frivillig arbeid siste fire veker. Samla anlyse.

		Timar	Differanse
Alder	16-24 år	14.8	
	25-34 år	13.5	-1.3
	35-49 år	14.4	-0.4
	50-59 år	14.3	-0.4
	60-66 år	14.9	0.1
	67 år +	15.3	0.5
Kjønn	Kvinne	13.0	
	Mann	15.7	2.7***
Barn	Har barn	14.9	
	Har ikkje barn	13.8	-1.1
Utdanning	Låg utdanning	14.3	
	Høg utdanning	14.7	0.4
Sivil Status	Ikkje gift/ ikkje reg. partnar	14.3	
	Gift/ registrert partnar	14.5	0.2
Tid	1998	14.1	
	2004	14.3	0.2
	2009	14.4	0.2
	2014	14.7	0.3

Kjelde: Frivillig innsats 1998-2014. N = 2093

Analyseresultat frå minste kvadraters (OLS) regresjon, sjå appendiks for detaljert resultattabell. ^a For alder og tid viser me her differansen mellom lågaste og den aktuelle kategorien i rada. Signifikansnivå: *≤0,05, **≤0,01, ***≤0,001

Som tabellen viser er det berre skilnaden mellom kvinner og menn som er statistisk signifikant. Her finn me at det sannsynlege timetalet for menn er på 18,5 timar medan det tilsvarende talet for kvinner er på 13,6 timar. Det er med andre ord eit sannsyn for at menn utfører om lag 5 timar meir frivillig arbeid enn kvinner i løpet av ein månad. For dei andre variablane er det altså små skilnader mellom gruppene. Analysen finn heller ingen endring over tid, noko som tyder på at det er liten skilnad mellom dei ulike gruppene, unntatt mellom kvinner og menn, når det gjeld kor mykje frivillig arbeid ein legg ned i form av timer per månad.

Spørsmålet som melder seg er kva som skjer når me samanliknar dei som gjer litt frivillig arbeid, mellom 1–10 timar per månad, og dei kjernefrivillige som gjer meir enn 10 timar frivillig arbeid per månad. I den neste delen av rapporten gjennomfører me ein analyse av dei kjernefrivillige og deira sosiale bakgrunn.

Kjernefrivillige og sosial bakgrunn

Kva særmerkjer dei som utfører mykje frivillig arbeid samanlikna med dei som gjer litt frivillig arbeid? Me har frå gjennomgangen over slått fast at dei som utfører frivillig arbeid oftare har høgare inntekt, utdanning, er gift eller registrert partner og har barn i hushaldet samanlikna med dei som ikkje gjer noko frivillig arbeid. Her snevvar me bilete inn til å sjå på skilnader mellom dei som gjer litt og dei som gjer mykje frivillig arbeid. Spørsmålet er då om skilja forsterkar seg ytterlegare eller om skiljet primært går mellom dei som ikkje gjer frivillig arbeid og dei som gjer noko eller mykje frivillig arbeid?

I tabellen under viser me resultat frå ein samla analyse der me skil mellom dei kjernefrivillige (dei som gjer meir enn 10 timar frivillig arbeid i månaden), og dei som gjer litt frivillig arbeid (mindre enn 10 timar). Me presenterer tala etter same model som for analysen av det generelle frivillige arbeidet ved at me viser prosent sannsyn for å vere kjernefrivillig etter dei ulike bakgrunnsvariablane.

Tabell 25. Sannsyn for å være kjernefrivillig blant dei som har utført frivillig arbeid siste 12 månader. Samla analyse. Prosent.

		Sannsyn	Differanse ^a
Alder	16-24 år	50	
	25-34 år	44	-6
	35-49 år	49	-1
	50-59 år	50	0
	60-66 år	52	2
	67 år +	54	4
Kjønn	Kvinne	47	
	Mann	51	4
Barn	Har barn	49	
	Har ikkje barn	50	1
Utdanning	Låg utdanning	49	
	Høg utdanning	51	2
Sivil status	Ikkje gift/ ikkje reg. partner	48	
	Gift/ registrert partner	50	2
Tid	1998	52	
	2004	50	-2**
	2009	47	-5**
	2014	46	-6**

Kjelde: Frivillig innsats 1998-2014. N = 2023

Analyseresultat frå logistisk regresjon, sjå appendiks for detaljert resultattabell. ^a For alder og tid viser me her differansen mellom lågaste og den aktuelle kategorien i rada. Signifikansnivå: *≤0,05, **≤0,01, ***≤0,001


Resultata frå analysen viser at det ikkje er nokon reelle skilnader mellom dei ulike aldersgruppene. Også når det gjeld skilje mellom menn og kvinner, der menn i større grad enn kvinner er kjernefrivillige, er det usikkerheit knytt til i kva grad dette er tale om reelle skilnader som me finn i befolkninga.

Vidare finn me at det å ha barn i hushaldet i liten grad har noko å seie for i kva grad ein er kjernefrivillig eller ikkje, men her skil 1998-undersøkinga seg frå dei andre undersøkingane (tala er ikkje synt her). I 1998 var det meir vanleg at dei utan barn i hushaldet var kjernefrivillige. Frå 2004 og utover er dette snudd på hovudet ved at det er meir vanleg for dei med barn å vere kjernefrivillige. Til slutt viser tabellen ein annan interessant tendens. I 1998 utgjorde dei kjernefrivillige omlag 52 prosent av dei som har utført frivillig arbeid siste månad. Tabellen viser at dette synker gradvis til 50 prosent i 2004, 47 prosent i 2009 og 46 prosent i 2014. Dette er interessant, og kan kanskje verke litt mostridande til det me har skrive tidlegare i rapporten, der me slo fast at kjernefrivillige som ein prosentdel av befolkninga har gått opp sidan 1998. Dette er vel og merkje som ein prosentdel av befolkninga. Som ein prosentdel av dei frivillige går tendensen derimot i motsett retning. Som ein prosentdel innan organisasjonane er altså dei kjernefrivillige færre i dag enn tidlegare, medan dei som gjer litt frivillig arbeid vert fleire.

Medlemsfrivillige og sosial bakgrunn

Kva sosiale kjenneteikn har så den typiske medlemsfrivillige, og har dette endra seg over tid? Våre analyser viser at når me samanliknar dei frivillige etter i kva grad dei er medlem eller ikkje, ser me at det er mykje som går igjen av det som me har synt over. Menn er i større grad medlem enn kvinner og høgare utdanna er oftare medlemmar enn lågare utdanna. For dei med barn i hushaldet, finn me derimot at det er mindre sannsynleg at dei er medlem av orgniasjonen dei utfører frivillig arbeid for. Dette styrker våre konklusjonar om at det er mykje av det frivillige arbeidet som vert gjort på vegne av barna, og at koplinga til organisasjonane er mindre viktig for denne gruppa av frivillige. Over tid er det som nemnt også ei svekking av medlemsstatusen, ved at det er færre i 2014 som er medlem i organisasjonen dei utfører frivillig arbeid for. Dette vert også reflektert i at nedgangen i medlemskap gjeld for alle bakgrunnsvariablane. Ein tendens som rett nok ikkje gjev signifikant utslag, er at dei yngre oftare ikkje er medlemmar samanlikna med dei eldre.

Figur 10. Medlemskap i organisasjonen ein utfører frivillig arbeid for etter aldersgruppe og årstal. Prosent.



Kjelde: Frivillig innsats 1998-2010. N (uvekta)=3855.

Som Figur 10 viser, er det ein tendens i 2014 til at det er eit skarpere skilje mellom den alle yngste aldersgruppa og dei eldste. Ein tilsvarande tendens ser me også i 2009, medan det i 1998 var ei noko jamnare fordeling mellom aldersgruppene på medlemskap. Jamvel om tendensane her er noko små, og ikkje gjev statistiske utslag i signifikantestane, er det ting som kan tyde på at me her er vitne til ein tendens der medlemskapet sin rolle vert mindre viktig og at dette reflekterast i at det særleg er blant dei unge i dag at dette er tilfelle.

Oppsummering frivillig arbeid og sosial bakgrunn

Gjennomgangen av dei sentrale kjenneteikna ved dei frivillige generelt, dei kjernefrivillige og dei som er medlemmar viser at det framleis er skilje mellom ulike grupper av befolkninga når det gjeld grad av involvering i det frivillige. Det er framleis slik at:

- dei med høgare utdanning og inntekt deltek i større grad
- dei som er gifte/ registrerte partnarar deltek i større grad
- dei som har barn i hushald deltek i større grad
- dei som er i aldersgruppa 34-49 år deltek i større grad
- menn deltek i større grad

Det er likevel tendensar til endring også når det gjeld samanhengane mellom sosial bakgrunn og generell frivillig deltaking. Skiljet mellom dei som har høg og låg utdanning vert mindre over tid, ved at dei med lågare utdanning aukar sitt engasjement. Me ser også ein tendens til at skiljet mellom dei som har og ikkje har barn i hushaldet vert noko større over tid.

Oppsummering og konklusjon

Sidan 1998 har ein målt frivillig innsats i og utanfor organisasjonslivet i Noreg. Med fire måletidspunkt kan ein no med større sannsyn seie noko om kva som rører seg i den norske befolkninga når det gjeld frivillig deltaking.

Eit viktig hovudfunn i denne rapporten er at nivået på den frivillige innsatsen som skjer innanfor organisasjonane i Noreg ligg på eit høgt nivå. I 2014 svarte 61 prosent av dei spurte at dei hadde gjort frivillig arbeid for minst ein organisasjon dei siste 12 månadane. Dette er høgare enn ved tidlegare målingar. Men, som det går fram av resultata, er det til dels store svingingar mellom undersøkingane, som ikkje så lett lar seg forklare substansielt. Som me drøfta i rapportens metodedel ("Rapportens data- og metodegrunnlag") er det usikkerhet knytt til det å måle nivået av frivillig innsats ved hjelp av spørjeundersøkingar, og all variasjon både i framgangsmåte og spørsmålsformuleringar vil kunne påverka kva nivå ein finn. Det må difor visast stor varsemnd i tolkinga av nivå og nivåendringar. Men sjølv om nivået svingar frå måling til måling, er likevel hovudkonklusjonen at *omfanget av frivillig innsats i Noreg er stabilt høgt, og til dels stigande*.

At nivået er høgt ser ein også når ein samanliknar med det som ein finn i dei andre skandinaviske landa. Deltakingsnivået i Sverige er nesten like høgt som i Noreg (mellom 43 og 50 prosent seier at dei har gjort frivillig arbeid i fem målingar i perioden frå 1992 til 2014). Her viser målingane langt større stabilitet gjennom heile perioden ein ser på samanlikna med de norske undersøkingane (sjå von Essen, Jegermalm og Svedberg 2015). Ein grunn til det er at måten ein har gjennomført undersøkinga på og kva ein har spurt om har vore identisk over tid. I Danmark er nivået på deltakinga noko lågare enn i Noreg og Sverige. Her er det vel ein tredjedel av dei spurde som seier at dei har delteke i frivillig arbeid det siste året (Fridberg og Henriksen 2014). At nivået ligg noko lågare i Danmark enn i Noreg, skuldast truleg at organisasjonstettleiken er høgare hjå oss (Wollebæk, Ibsen og Siisiäinen 2010; Henriksen 2015).

I dei norske undersøkingane har både måten ein har spurd på og framgangsmåten variert mellom undersøkingane, noko som gjer at me skal vere varsame når me tolkar nivå og nivåendringar. Me kan likevel trygt slå fast at nivået er høgt slik det vert måla i desse undersøkingane, og at det i alle

høve ikkje har gått attende i perioden me ser på. Gitt at det har vore mykje merksemd knytt til frivillig sektor dei seinare åra (sjå til dømes Selle og Strømsnes 2012), og me veit at mange organisasjonar driv med aktiv rekruttering av frivillige, så var det kanskje heller ikkje å venta. Gitt den usikkerheita som er knytt til å måle frivillig arbeid, skal me likevel ikkje leggje for mykje i dei svingingane me ser, og det er ikkje mogleg å peika på trekk ved samfunnsutviklinga som fullt ut kan forklare verken nedgangane eller oppgangane som me finn i materiale innanfor så avgrensa tidsintervallar som me snakkar om her. Når det er sagt, skal det og leggjast til at materialet som me har er svært godt egna til å sjå på endringstrekk når det gjeld kven det er som deltek i frivillig arbeid, kor mykje tid dei nyttar på frivillig arbeid og kva type aktivitet det er snakk om. Det er også godt egna til å analysere endringstrekk knytt til desse spørsmåla.

Når me i dette avsluttande kapitlet summerer opp kva me har funne i analysane våre, vil me og trekke inn korleis bilete ser ut i Sverige og Danmark, og slik kunne seia noko om i kva grad situasjonen hjå oss er den same som i dei skandinaviske grannelanda. Både i Danmark og Sverige er det nemleg gjennomført undersøkingar om frivillig innsats over ei lengre tidsperiode, og sjølv om desse ikkje er heilt like dei norske, går dei fleste tema igjen. Dei er dirfor særst nyttige for å kunne sette det me finn i dei norske undersøkingane inn i ein større kontekst. I Sverige har det i perioden frå 1992 til 2014 vore gjennomført fem undersøkingar som måler frivillig innsats. Desse blei gjennomført i 1992, 1998, 2005, 2009 og 2014, og vert analysert i von Essen, Jegermalm og Svedberg (2015). Også i Danmark har det vore gjennomført regelbundne undersøkingar av frivillig innsats (1993, 2004, 2012), og dei to siste undersøkingane vert analysert i Fridberg og Henriksen (red.) (2014).

Omfanget – kor mykje tid nyttar ein på frivillig arbeid?

Bilete av eit stabilt høgt nivå på den frivillige innsatsen vert understøtta av andre funn i rapporten. I undersøkingane har me spurd om kor mange timar ein har gjort frivillig arbeid siste fire veker. Her er det tale om særst stabile og høge tal, der gjennomsnittet varierer mellom 14 og 15 timar i perioden frå 1998 til 2014. Desse tala er også i stor grad samanliknbare med det ein finn i Danmark og Sverige, både når det gjeld nivå og stabilitet. Eit anna bilete me nyttar for å skildra frivillig-feltet er nivået på den gruppa som me kallar for «kjernefrivillige». Dette er dei som seier at dei nyttar meir enn 10 timar på frivillig arbeid i løpet av ein månad, og som på mange måtar kan seiast å utgjere grunnfjellet innafor frivillig sektor (Wollebæk og Sivesind 2010), sjølv om dei andre som deltek meir avgrensa naturlegvis og er heilt sentrale for å oppretthalda organisasjonar (økonomisk og aktivitetsmessig) og sikra eit differensiert organisasjonssamfunn. For å oppretthalde nivået av frivillig innsats, er likevel gruppa av «kjernefrivillige» særst viktig, og ei sterk

tilbakegang i denne gruppa vil vere eit dårleg teikn for den frivillige innsatsen i framtida. Våre analyser viser at gruppa av kjernefrivillige utgjer mellom 15 og 19 prosent av befolkninga, og at dei i snitt utfører mellom 23 og 26 timar frivillig arbeid i månaden. I tillegg tyder tallene på at omfanget av kjernefrivillige har auka den siste perioden, og at dei nyttar noko meir tid på engasjementet sitt no enn tidlegare. Me konkluderer ut frå det med at *grunnffellet i frivillig sektor står støtt*. Det er altså ikkje særleg grunn til uro når me tolkar desse tala, men som me har sett, er det også andre utviklingstrekk som det er verd å rette merksemda mot.

Frivillig innsats innan ulike organisasjonstypar

Når me går nærare inn og ser på det frivillige arbeidet etter ulike typar organisasjonar, ser me at *idretten framleis er den organisasjonstypen der flest deltek i frivillig arbeid*. Førti prosent av dei som utfører frivillig arbeid seier at dei gjer det for ein idrettsorganisasjon. Dette er eit nivå som held seg gjennomgåande stabilt gjennom alle undersøkingar frå 1998 til 2014. Deretter fylgjer organisasjonstypar som velforeiningar, hobby- og kulturorganisasjon, samt kunst- og kulturorganisasjonar. Alle desse organisasjonstypane tiltrekk seg mellom 20 og 30 prosent av dei som seier at dei utfører frivillig arbeid.

Den dominerande rolla til idrettsorganisasjonane innafør frivillig sektor er likeeins i Sverige og Danmark. I Sverige finn ein, på same måte som hjå oss, at det er innafør idrettsorganisasjonane det er flest som gjer ein frivillig innsats, og dette har vore stabilt gjennom heile perioden. Sosiale- og humanitære organisasjonar, samt husværeorganisasjonar ('organisationer för boende') har økt i den 20-årsperioden dei studerer, medan interesseorganisasjonar og fagrørsler har hatt ein liten (marginal) nedgang. Også i Danmark er det innafør idrettsfeltet at det er flest som seier at dei har delteke i frivillig arbeid. Husvære- og lokalsamfunnsområdet, samt kulturområdet, er dei nest største områda, medan det innafør sosialfeltet berre er 3 prosent som seier at dei har gjort ein frivillig innsats i 2012.

Når det gjeld idretten sin dominerande rolle skal det leggst til at dette biletet også skuldast måten me kategoriserer organisasjonane på. Dersom me til dømes hadde slått saman tematisk nære organisasjonstypar som nærmiljøorganisasjonane og husvære-organisasjonane; helse-organisasjonane og organisasjonane for sosiale tenester eller hobby- og fritidsorganisasjonane med kunst, kultur, korps og kor, ja så hadde me fått grupperingar også her som i omfang ligg nært opp til nivået me ser for idrettsorganisasjonane. Med andre ord så hadde bilete me gjer av organisasjonssamfunnet sett ganske annleis ut om me klassifiserte organisasjonane på ei anna måte. I tillegg til dette er det og verd å merke seg at sjølv om idretten "vinn" når det gjeld talet på frivillige, så er ikkje biletet like tydeleg når me ser på tidsbruken. Så sjølv med dagens kategorisering endrar bilete av idretten sin dominerande posisjon seg dersom ein ser på tidsbruk i staden for kor mange det er som deltek.

Tilhøvet mellom kor mange det er som deltek og tidsbruk i organisasjonane er også interessant når me ser på andre typar av organisasjonar, og der styrken mellom organisasjonstypane forskyv seg dersom me tar tid på alvor. Til dømes ser me det innafor det religiøse feltet, der denne organisasjonskategorien framstår som langt viktigare om me målar frivillig arbeid i timetall enn om me målar det i kor mange som seier at dei har gjort ein frivillig innsats.

Medlemskap og organisasjonstilknytning

Eit særskild viktig funn i rapporten, og som det er grunn til å rette merksemd mot, er at det er teikn som tyder på at medlemmene vert lausere kopla til organisasjonane. Me finn i analysane våre at *det er færre no en tidlegare som er medlemmar av organisasjonen eller organisasjonane dei utfører frivillig arbeid for*, sjølv om det rett nok framleis er slik at det meste av aktiviteten vert gjort av organisasjonsmedlemmer. Men medan 88 prosent av dei som hadde utført frivillig arbeid for ein organisasjon i 1998 og 89 prosent av dei som hadde utført frivillig arbeid for en organisasjon i 2009 også var medlem av denne organisasjonen, hadde denne prosentandelen minka til 76 prosent i 2014. Dei fleste er altså framleis medlemmar av organisasjonane dei utfører sitt frivillig arbeid for, men tendensen er at koplinga mellom det å gjere ein frivillig innsats og det å vere organisasjonsmedlem vert svakare. Ei slik utvikling er noko som bryt ganske så fundamentalt med korleis norsk frivillig sektor tradisjonelt har sett ut, der det frivillige arbeidet har vore svært nært knytt til medlemsrolla og der frivillig arbeid og frivillig organisering i stor grad har vore to sider av same sak. Utviklinga går også hand i hand med utviklinga som me ser på organisasjonsnivå, nemlig at medlemskapen ser ut til å verta mindre viktig i organisasjonane (Christensen, Strømsnes og Wollebæk 2010).

Eit anna funn, som delvis heng saman med dette, er at *talet organisasjonar ein gjer ein frivillig innsats for er aukande*. Medan det tidlegare var vanlegast at ein gjorde frivillig arbeid for éin organisasjon, er det no like vanleg at ein gjer ein innsats for 3 eller fleire organisasjonar. Med andre ord ser det ut som om den frivillige innsatsen i aukande grad vert fordelt på fleire organisasjonar samanlikna med det som var situasjonen tidlegare, noko som også kan tyde på aukande differensiering og svekka band mellom dei einskilte organisasjonane og dei frivillige. Av dei som deltek, er det 58 prosent i 1998 som svarer at dei deltek i frivillig arbeid for éin organisasjon. Denne prosentandelen er redusert til 38 prosent i 2014. Tilsvarande har prosentdelen som svarer at dei har gjort ein frivillig innsats for 3 eller fleire organisasjonar auka frå 16 prosent i 1998 til 35 prosent i 2014.

Eit tredje funn som er verdt å nemna i denne samanhengen er at prosentdelen kjernefrivillige som prosentdel av dei frivillige synker i perioden me ser på. Det har altså vorte fleire frivillige i perioden, men der ein mindre

del av desse deltar mykje. Også dette kan indikere ei lausare kopling til organisasjonane, der det har vorte lettere å delta litt.

I Danmark peiker ein på liknande utviklingstrekk. Dei finn der at det har skjedd eit markant fall når det gjeld prosentdelen av dei frivillige som også er medlemmer av dei organisasjonane som dei gjer frivillig arbeid for, frå 79 til 70 prosent i tiårsperioden frå 2004 til 2014. Også i Sverige finn ein at det frivillige arbeidet i stor grad er knytt til medlemskap. Det er meir enn 80 prosent av det frivillige arbeidet i Sverige som er det, og her finn dei heller ikkje dei same tendensane til fall i medlemstilknytning dei siste 10 åra. Samstundes finn dei at dei eldste og dei yngste som regel deltar med frivillig innsats i éin organisasjon, medan dei mellomliggjande aldersgruppene gjerne deltar i fleire.

Frivillig arbeid utanom organisasjonane

I tillegg til frivillig arbeid for organisasjonane undersøker me i denne rapporten frivillig arbeid utanom organisasjonane. Reint konkret spør me om ein har utført frivillig arbeid for offentleg og/ eller privat sektor. Dømer på dette kan vere frivillig arbeid for barnehagar, skular, alders- og sjukeheimar, museum osv. Undersøkingane viser at om lag 8 prosent utfører frivillig arbeid for kommunal eller statleg verksemd både i 1998 og 2014, som er dei tidspunkta kor me har data på dette. Det har samstundes vore ein nedgang i talet som har utført frivillig arbeid for ein privat bedrift eller eit kommersielt velferdstilbod frå 11 til 7 prosent; med andre ord nesten ei halvering. Dette er eit overraskande funn, men der me diverre har for avgrensa data til å kunne gjere omfattande analyser. Dette vil vere særskilte viktige forskingsområder å sjå på i framtida, og det vert viktig å inkludere frivillig arbeid både for offentlege og private aktørar i kommande spørjeundersøkingar.

I Sverige finn dei også at nivået av frivillig innsats knytt til offentleg sektor er stabilt og lågt, på omlag 2-3 prosent. Dette er annleis i Danmark, der høvesvis 17 og 18 prosent av det frivillige arbeidet i 2004 og 2012 finner stad innafør ein offentleg institusjon.

Kva kjenneteiknar dei frivillige?

Kva er så dei viktigaste kjenneteikna på dei som deltek i frivillig arbeid? Den typiske frivillige er ein gift mann mellom 35 og 49 år, som har barn i hushaldet, høg utdanning og høg hushaldsinntekt. Me finn altså at *menn deltek frivillig i større grad enn kvinner*, og dette funnet er stabilt over tid. *Når me samanliknar ulike aldersgrupper, skil aldersgruppa 35-49 år seg tydeleg ut ved at det er fleire her enn i dei andre aldersgruppene som deltek i frivillig arbeid.* Dette tolkar me som eit livsfasefenomen. Det er fleire i denne aldersgruppa som er i ein fase i livet der dei har heimebuande barn, og der det å følgje opp barna sine fritidsinteresser vert ein viktig del av den frivillige innsatsen deira (og for nokre kanskje meir av tvang enn av lyst). Som me skal

kome tilbake til under, ser det også ut til at det å følge opp barn på denne måten er noko som har vorte viktigare over tid. I tillegg finn me at *sosiale ressursar som høg inntekt, høg utdanning og det å vere gift bidreg til eit høgare nivå av frivillig innsats*. Når det kjem til tidsbruk, finn me at menn arbeider fleire frivillige timar enn kvinner, samstundes som dei som utfører flest timar frivillig arbeid ikkje har barn i hushaldet. Her ser me nokre tendensar, svake tendensar rett nok, til at desse skilja minkar over tid. Kvinner ser med andre ord ut til å auke sitt engasjement i form av timar, og det same ser ut til å gjelde for dei med barn i hushaldet.

At deltakinga er knytt til sosiale kjenneteikn, er funn som i stor grad samsvarer med det som ein finn i Sverige og Danmark. I Sverige finn ein også at det er fleire menn enn kvinner som deltek i frivillig arbeid, og at menn gjennomsnittleg arbeider frivillig fleire timer i månaden samanlikna med det kvinnene gjer. I den danske undersøkinga peiker en også på at sosiale nettverk og det å ha heimebuande barn er noko som bidreg til å auke den frivillige innsatsen. Det er også i Danmark fleire menn enn kvinner som arbeider frivillig, men denne forskjellen er blitt mindre i perioden frå 2004 til 2012. Dei finn dessutan at det er i dei mellomste alderskategoriane at det er flest som gjer frivillig arbeid, men det er også slik at dei unge no deltar mindre, medan dei eldre deltar meir.

I dei norske undersøkingane finn me altså at frivillig arbeid framleis er knytt til sosiale ressursar. Samstundes er det eit viktig atterhald knytt til desse funna. I og med at idretten har ein såpass dominerande posisjon i organisasjonslandskapet, har me undersøkt kva som skjer om me analyserer det frivillige arbeidet utanom idretten. Me ser då tydeleg at *idretten står i ei særstilling og at dei sosiale skilnadene er langt meir markante her enn innafor andre deler av sektoren*. Det er med andre ord langt færre skilnader i sosiale bakgrunnsvariablar når me tar idretten ut av analysen og berre analyserer kven som gjer ein frivillig innsats innafor dei andre organisasjonstypene som me ser på. Kjønnsskilnadane er då ikkje lenger til stades, og aldersgruppa 35-49 år pregar ikkje det frivillige i like stor grad som den gjer når me inkluderer idretten. Også skilnadane mellom dei som har og dei som ikkje har barn er utviska når me ser på frivillig arbeid utanom idretten.

Grunnen til at det er fleire menn enn kvinner som deltek i frivillig arbeid skuldast med andre ord at det er fleire menn enn kvinner som er aktive innanfor ulike idrettsorganisasjonar. Dette er eit funn som samsvarer med det ein finn både i Sverige og i Danmark, nemlig at forskjellen mellom kvinner og menn i stor grad er ein funksjon av at idretten, der menn er dominerande, utgjer ein så stor del av frivillig sektor. På same måte er det slik at det at aldersgruppa 35-49 år har ei så dominerande rolle når me ser på frivillig sektor under eit, også primært skuldast at denne gruppe dominerer så sterkt innafor idretten. Når idretten vert tatt ut av analysane våre, forsvinn i stor grad

denne ulikskapen knytt til alder. Det er også mykje som tyder på at me snakkar om eit livsfasefenomen, der dominansen innafor idretten av aldersgruppa 35-49 år må sjåast i samband med overvekta av personar med barn i hushaldet, og at mykje av den frivillige innsatsen som vert gjort innafor idretten antakeleg er knytt til oppfølging av barn sin fritidsaktivitet. Alt i alt viser desse funna at det er større grad av ulikskap mellom grupper innafor idretten enn i resten av organisasjonslivet.

Endring i sentrale kjenneteikn over tid

Har samansettinga av dei frivillige endra seg over tid, og er det noko grupper av befolkninga som deltek meir når me ser det over tid? Det er det. I rapporten finn me at det for to grupper skjer ei slik endring. Det gjeld for dei med barn i hushaldet og for dei med lågare utdanning.

Dei som har barn i hushaldet deltek i større grad enn dei som ikkje har barn, og når me analyserer dette over tid finn me at dette er eit skilje som aukar. *Fleire av dei som har barn i hushaldet deltek frivillig no enn det som var tilfelle tidlegare.* I 2014 svarte 72 prosent av dei som hadde barn i hushaldet at dei hadde utført frivillig arbeid for minst ein organisasjon dei siste 12 månadene. Det tilsvarande talet for dei utan barn i hushaldet var 56 prosent. Dette gjev ein prosentdifferanse på 16 prosentpoeng. Den tilsvarande skilnaden i 1998 var på 10 prosentpoeng.

Ei anna gruppe som aukar si deltaking over tid er dei med lågare utdanning. I 2014 er det framleis slik at dei med høgare utdanning deltek meir enn dei med lågare utdanning. Likevel ser me at *over tid vert skilnadane mellom dei med høg og låg utdanning mindre*, noko som ikkje minst er interessant sett i lys av at utdanningsnivået i befolkninga vert stadig høgare (jf. figur 1). Det ser med andre ord ut til å skje ei utjamning i befolkninga når det gjeld samanheng mellom utdanning og deltaking. Fyrst og fremst skuldast dette at dei med lågare utdanning aukar sitt deltakingsnivå, medan dei med høgare utdanning opprettheld sitt allereie høge nivå.

Ei anna måte å skildre desse utviklingstrekk er å seie at skilnaden mellom dei som har høg og låg utdanning vert mindre over tid medan skilnaden mellom dei som har barn i hushaldet og dei som ikkje har det vert større over tid. Det er også ting som tyder på at dei to nemnde utviklingstrekk heng nært saman og at dei med lågare utdanning i aukande grad vert trekt inn i frivillig arbeid gjennom barna. Når me ser på samspelet mellom utdanning og det å ha barn, finn me at dei med låg utdanning og barn i hushaldet aukar sin deltaking over tid, medan det motsette er tilfelle for dei med høg utdanning, men utan barn i hushaldet.

Alt i alt kan me kanskje seie at den sosiale ulikskapen har vorte mindre over tid, i alle høve når me held idretten utanfor analysane våre. Dette er eit funn som delvis står i motsetnad til det ein finn i Danmark. Her finn ein i staden at ulikskapen i utdanningsnivå mellom dei som har arbeida frivillig og

dei som ikkje har det har auka i perioden dei studerer (2002-2012), og forskarane peikar generelt på ein aukande sosial ulikskap i den frivillige deltakinga. Dei finn og at prosentdelen unge som gjer ein frivillig innsats er synkande, medan sosiale nettverk og det å ha barn i hushaldet er noko som bidreg til å auke den frivillige innsatsen.

Avslutning

Me har i denne rapporten vist eit frivillig-felt som er prega både av stabilitet og endring. Me finn stabilitet knytt til at nivået er høgt, både målt i talet på frivillige, i tidsbruk og i omfanget av kjernefrivillige, og me finn stabilitet knytt til at fordelinga mellom organisasjonstypene er nokså lik. Det er også framleis slik at aktivitet er knytt til sosiale ressursar. Menn deltek frivillig i større grad enn kvinner, det er flest i aldersgruppa 35-49 år som deltek, og både høg inntekt, høg utdanning og det å vere gift bidreg til eit høgare nivå av frivillig innsats. Samstundes har me sett at idretten står i ei særstilling innfor frivillig sektor og at dei sosiale skilnadene er langt meir markante her enn innfor andre deler av sektoren.

På den andre sida har me peika på viktige endringstrekk når det gjeld medlemsrolla, der det er færre no en tidlegare som er medlemmar av organisasjonen eller organisasjonane dei utfører frivillig arbeid for. Me ser også tendensar til ein aukande differensiering, der den einskilde i større grad spreier det frivillige engasjementet sitt på fleire organisasjonar. Likeeins finn me viktige endringar knytt til at fleire av dei som har barn i hushaldet deltek frivillig no enn det som var tilfelle tidlegare og at skilnadane mellom dei med høg og låg utdanning vert mindre over tid.

Me har dessutan vist at det er stor grad av samsvar mellom det som me finn i dei norske undersøkingane og det som ein finn i dei skandinaviske grannelanda, men også nokre viktige skilnader. Her vert det viktig med genuine komparative prosjekt for å finne meir ut om korleis situasjonen ser ut i dei einskilde landa og kva som kan forklara likskap og ulikskap mellom dei.

Appendiks A: Korleis måle frivillig innsats?

I denne delen av rapporten legg me opp til ein høvesvis grundig gjennomgang av datamaterialet med tanke på korleis me kan måle fenomenet frivillig innsats. At me presenterer dette på ein høvesvis detaljert og grundig måte, er også ein refleksjon av det arbeidet som ligg bak denne rapporten. Gjennom å syne veikskaper og styrker ved datasetta og måten me har valt å analysere desse, meiner me at me tilfredsstiller viktige vitenskaplege krav om at alle funn skal kunne etterprøvast av andre.

Kva er frivillig innsats og korleis måler me det?

Ved alle spørjeundersøkingane me har gjennomført sidan 1998 har respondentane fått presentert ein definisjon av frivillig arbeid. Desse har variert både i omfang og innhald, noko som går fram av Appendikstabell 1:

Appendikstabell 1. Definisjonar av frivillig arbeid presentert for respondentane i dei ulike spørjeundersøkingane

1998	2004	2009 ¹⁸	2014 (SSB)
Med frivillig, ulønnet arbeid mener vi arbeid du utfører for andre enn familie og nære venner, uten at du får vanlig lønn for dette. Vi regner arbeidet som ulønnet selv om du har fått en viss godtgjørelse for utgifter eller har mottatt en mindre, symbolsk betaling. Eksempler på slikt arbeid er instruksjon og trening av medlemmer, administrativt arbeid, styreverv, transport, kampanjeaktivitet, informasjonsarbeid, dugnader, innsamlinger o.l. Vi regner også med ubetalt omsorgsarbeid som blir organisert gjennom frivillige organisasjoner. Du trenger ikke å være medlem av foreningen du har gjort slikt arbeid for. Regn <u>ikke</u> med vanlig medlemsaktivitet, som deltakelse i trening, øvelser, medlemsmøter og lignende	Med frivillig arbeid mener vi arbeid du utfører for andre enn familie og nære venner, uten at du får vanlig lønn for dette. Vi regner arbeidet som ulønnet selv om du har fått en viss godtgjørelse for utgifter eller har mottatt en mindre, symbolsk betaling. Her spørres det bare om frivillig, ulønnet arbeidsinnsats for frivillige organisasjoner, samt kultur- og velferdstjenester drevet av frivillige organisasjoner. Eksempler på slikt arbeid er instruksjon og trening av medlemmer, administrativt arbeid, styreverv, transport, kampanjeaktivitet, informasjonsarbeid, dugnader, innsamlinger o.l. Frivillig arbeid omfatter også ubetalt omsorgsarbeid som blir organisert gjennom frivillige organisasjoner. Regn ikke med vanlig medlemsaktivitet, som deltakelse i trening, øvelser, medlemsmøter o.l.	Med frivillig arbeid mener vi arbeid du utfører for andre enn familie og nære venner, uten at du får vanlig lønn for dette. Her spørres det bare om frivillig, ulønnet arbeidsinnsats for frivillige organisasjoner, samt kultur- og velferdstjenester drevet av frivillige organisasjoner. Vi regner arbeidet som ulønnet selv om du har fått en viss godtgjørelse for utgifter eller har mottatt en mindre, symbolsk betaling. Regn ikke med vanlig medlemsaktivitet, som deltakelse i trening, øvelser, medlemsmøter og lignende.	Med frivillig arbeid mener vi arbeid du gjør for organisasjoner eller personer uten at du får vanlig lønn for dette. Vi spør først om ulønnet arbeid du utfører for frivillige organisasjoner, inkludert velferdstjenester drevet av frivillige organisasjoner. Regn ikke med medlemsaktivitet, som deltakelse i trening, øvelser, medlemsmøter og lignende.

18. Både 2009 og 2014 hadde følgende eksempler som ble lest opp ved behov: «Eksempler på slikt arbeid er instruksjon og trening av medlemmer, administrativt arbeid, styreverv, transport, kampanjeaktivitet, informasjonsarbeid, kaffe- og kiosksalg, dugnader, loppemarkeder, innsamlinger og lignende. Frivillig arbeid omfatter også ubetalt omsorgsarbeid som blir organisert gjennom frivillige organisasjoner som besøkstjeneste, leksehjelp og guiding av flyktninger»

Variasjonen til trass, definisjonane har nokre sentrale element som er felles for dei alle. For det fyrste er det tale om ulønna arbeid, og det vert presisert at godtgjersle og mindre summar skal sjåast vekk i frå. Vidare ligg det ei presiseiring om at det er organisasjonane det er tale om. Frivillig innsats for andre aktørar som til dømes familie, offentleg og privat sektor, og festivalar vert spurt konkret om seinare i undersøkinga (dette gjeld primært 1998, 2009 og 2014-Respons).

Ein viktig informasjon om Respons-undersøkinga i 2014 er at det også vart nytta ein alternativ og lengre introduksjonstekst:

Vi begynner med noen spørsmål om frivillig, ulønnet arbeidsinnsats. Vi spør først om arbeid du utfører for andre enn familie og nære venner, uten at du får vanlig lønn for dette. Først spør vi bare om frivillig, ulønnet arbeidsinnsats for frivillige organisasjoner, samt kultur- og velferdstjenester drevet av frivillige organisasjoner. Vi regner arbeidet som ulønnet selv om du har fått en viss godtgjørelse for utgifter eller har mottatt en mindre, symbolsk betaling. Regn ikke med vanlig medlemsaktivitet, som deltakelse i trening, øvelser, medlemsmøter og lignende.

899 personar fekk denne teksten, medan dei resterande 3101 fekk den nye teksten som er presentert i tabell 3. Når ein har to grupper med ulik spørsmålsformulering i same undersøking er det interessant å undersøke om det er skilndaer. Er det slik at den eine gruppa hadde høgare tal på frivillige enn den andre? I tabellen under viser me fordelinga av svara:

Appendikstabell 2. Prosentdel som har utført frivillig arbeid etter introduksjonstekst. Prosent.

	Lang tekst	Kort tekst
Har ikkje utført frivillig arbeid	48	46
Har utført frivillig arbeid	52	54
N (uvekta) =	899	3101
Kji –kvadratstest med ein fridomsgrad: 0.991 Pr = 0.320		

Kjelde: Frivillig innsats 2014 (Respons). Prosenttala er vekta.

Som det går fram av tabellen så er det ein viss skilnad mellom gruppene. Dei som får den gamle og lengre teksten, der det mellom anna vert presisert at frivillig arbeid for familie og nære vener skal sjåast vekk i frå, har eit noko lågare nivå på frivillig arbeid enn dei som får den nye og kortare teksten. Differansen er på 2 prosentpoeng. Skilnaden til trass, så er det ikkje tale om ein signifikant skilnad mellom gruppene. Dette går fram av kji-kvadratstesten som viser at det ikkje er nokon statistisk signifikant samanheng mellom nivået

på frivillig arbeid (kor mange som svarar at dei har utført frivillig arbeid siste 12 månader) og kva for ein introduksjonstekst ein får lest opp.

Jamvel om dei to tekstane som vert presentert i 2014-Respons undersøkinga er ulike, er det også mykje likt ved dei ulike definisjonane på frivillig arbeid. Dermed kan det tenkast at ein ikkje kan vente seg så store skilnader når det gjeld nivået på frivillig arbeid. Det kan med andre ord tyde på at så lenge ordet «frivillig» og kanskje presiseringa om «organisasjonar» er med i spørsmålsformuleringa, så er det med stort sannsyn slik at respondentane svarer på det som me er ute etter å måle. Me skal syne fleire dømer frå ei anna undersøking, og som viser at dette kan vere tilfelle.

Etter denne introduksjonsteksten får ein vidare spørsmålet om ein i løpet av dei siste 12 månadane har utført frivillig arbeid for organisasjonar innan 15 ulike områder. Organisasjonstypene som er lista opp er:

- Kunst og kultur, korps og kor
- Idrett og sport
- Hobby, fritid, utandørsaktivitet og sosiale foreiningar
- Utdanning, opplæring og forskning
- Helse, pleie og redningsarbeid
- Sosiale tenester og rusmiddelomsorg
- Natur-, miljø- og dyrevern
- Velforeiningar, grendelag og nærmiljø
- Burettslag og bustadbyggjelag
- Rettigheits-, støtte- og fråhaldsarbeid
- Politiske parti
- Internasjonal utveksling, naudhjelp, bistand og menneskerettsarbeid
- Yrkes-, bransje- og fagforeiningar
- Religion og livssyn, inkludert Den norske kyrkje
- Andre områder

Noko om omgrepet frivillig arbeid

Å lage og velje ein god introduksjonstekst til spørjeundersøkinga er ein krevjande prosess. Det er fleire krav som må tilfredstillast samstundes. For det fyrste er det viktig med ein nokolunde lik ordlyd mellom dei ulike undersøkingane. Me må freiste å måle det same fenomenet, i vårt tilfelle frivillig arbeid, over tid. For det andre må me vere trygge på at me måler det me faktisk ynskjer å seie noko om. Me kan til dømes problematisere i kva grad frivillig arbeid er eit omgrep som treff godt nok det me ynskjer å måle. Ville til dømes «frivillig innsats» fanga opp fleire personar?

Som me har sett i gjennomgangen av dei to ordlydane frå Respons-undersøkinga så er det ingen statistiske skilnader mellom dei to gruppene som

fekk ein litt ulik ordlyd i introduksjonsteksten til spørsmålet om ein hadde utført frivillig arbeid. Ein annan måte å undersøke om variasjonar i nivå på frivillig arbeid kan skuldast ulike spørsmålsformuleringar er å sjå på tal frå *Medborgerpanelet*.¹⁹ I Medborgarpanelet (runde 4) vart ei gruppe på 1558 personar stilt spørsmål om ein hadde utført frivillig arbeid. Denne gruppa vart tilfeldig delt inn i fire grupper som fekk spørsmålet om ein hadde utført frivillig arbeid, men med varierende ordlyd. I tabellen under viser me dei ulike ordlydane og svarfordelingane:

Appendikstabell 3. Oversikt over ulike ordlydar knytt til frivillig deltaking, som vart stilt i Medborgerpanelet (runde 4)

Spørsmålsstilling		Prosent som svarte ja
Ordlyd 1 (N=404)	Har du i løpet av de siste 12 måneder utført frivillig, ulønnet arbeidsinnsats for frivillige organisasjoner?	44
Ordlyd 2 (N=410)	Har du i løpet av de siste 12 måneder utført frivillig innsats for frivillige organisasjoner?	46
Ordlyd 3 (N=373)	Har du i løpet av de siste 12 måneder utført frivillig arbeid for frivillige organisasjoner?	47
Ordlyd 4 (N=371)	Har du i løpet av de siste 12 måneder utført frivillig engasjement for frivillige organisasjoner?	48

Kjelde: Norsk medborgerpanel runde 4

Som det går fram av tabellen, så skil me mellom ulønna arbeidsinnsats, innsats, arbeid og engasjement. Noko av tanken med å gje eit tilfeldig utval av respondentane slike ulike formuleringar, var å finne ut om einskilde ordlydar var meir framande/ ekskluderande enn andre. Det kunne til dømes tenkast at innsats/ engasjement ville vere ei mildare formulering som fleire kunne seie seg samde med, medan arbeid/ ulønna arbeidsinnsats var strengare formuleringar som ville få færre respondentar til å svare positivt på spørsmålet.

Me ser av tabellen at talet på personar som svarte ja på spørsmålet varierer frå 44 prosent for ordlyd 1 til 48 prosent for ordlyd 4. Tabellen viser då også

19. Norsk medborgerpanel er ei internettbasert undersøkning om nordmenns haldningar om viktige samfunnstema. De 8500 deltakarane (per 2014) representerer eit tverrsnitt av innbyggjarane i Noreg, og vert nokre gonger i året invitert til å seie si meining i viktige spørsmål om norsk samfunn og politikk. Panelet er etablert og drevet av norske universitets- og forskingsmiljø, med hovudbase ved Universitetet i Bergen. Forskarar tilknytt Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor har vore delaktig i Norsk medborgerpanel og har fått med spørsmål om frivillig deltaking. For meir informasjon, sjå <http://www.uib.no/medborger>

at nivået er størst der spørsmålet er minst forpliktande og kanskje og meir positivt lada (dvs frivillig engasjement). Trass dette, skilnadane er ikkje signifikante.²⁰ Når det gjeld nivået på frivillig deltaking i tabellen, er dette lågare enn for dei fleste «Frivillig innsats» undersøkingane (1998-2014), men på nivå med 2009-undersøkinga, der spørsmålet om frivillig arbeid generelt ikkje var knytt til dei einskilte organisasjonstypene.

20. For å teste kor vidt det er systematiske skilnader i måten folk svarar, gjennomførte me ein regresjonsanalyse der me undersøkte om det å svare ja eller nei på spørsmålet er avhengig av kva for ei formulering ein får. Dette gjorde me ved å slå i hop dei fire gruppene av respondentar med ulik ordlyd om frivillig arbeid. Deretter laga me ein ny variabel der me skilte mellom respondentar som anten har svart ja eller nei på spørsmålet om frivilligheit. Samstundes som me slo i hop desse respondentane, beholdt me informasjon om kva for ordlyd dei hadde fått. Dei ulike ordlydande vart soleis uavhengige variablar medan spørsmål om i kva grad ein har gjort frivillig arbeid eller ikkje var avhengig variabel. Resultatet gav ikkje signifikante resultat noko som tyder på at ordlyd ikkje var avgjerande for nivået.

Appendiks B: Resultattabellar og figurar frå dei ulike regresjonsanalysene

I denne delen fylgjer resultattabellar frå dei regresjonsanalysene som er omtalt i rapporten. Når me i rapporten mellom anna omtalar sansynn for frivillig arbeid, er det med bakgrunn i utrekningar frå tabellane som er presentert i dette appendikset. Me presenterer fyrst dei bivariate analysetabellane. Desse analysene vart gjennomført i to steg, og er omtala som høvesvis "Model 1 med forklaringsvariabel" og "Model 2 med forklaringsvariabel, tid og samspelsledd". Den fyrste modellen er ein enkel modell der berre den aktuelle variabelen er med. Her kontrollerar ein for variabelens sjølvstendige effekt på det å ha gjort frivillig arbeid, utan å kontrollere for andre variablar eller tidsdimensjonen (utvikling over tid). I den andre modellen kontrollar ein for utvikling over tid. Her finn ein i tillegg til effektane over tid eit sokalla samspelsledd, som er ein variabel som måler effekten over tid. I tabellane vert det presentert variabelnamn i fyrste kolonne, dernest kjem kategoriane, så fylgjer dei ustandardiserte koeffisientane og standardfeil. Koeffisientane er markert med stjerner dersom dei er signifikante. Me viser fylgjande nivå:

- *** =Signifikant på 0,01 nivå
- ** =Signifikant på 0,05 nivå
- * =signifikant på 0,1 nivå

Etter dei bivariate samanhengane viser me resultata frå dei multiple regresjonsanalysane (omtalt som «samla analyse» i rapporten). Desse er basert på dei bivariate analysane. Det vil seie at dersom samspelsledda ikkje er signifikante i dei bivariate analysane, tek med dei ikkje med i den multiple analysen. Dei multiple analysane er soleis sett saman av dei einskilde variablane me har testa bivariat, samt dei samspelsledda som gjev signifikante utslag. Variabelen inntekt er ikkje med i den endelege modellen, ettersom det her er ein del manglande data når me set saman undersøkingane.

Ordliste

Kategori: Variabelens operasjonalisering. For variablane alder og inntekt viser me her dei kategoriane som inngår i analysen (manglande kategori=referansekategori). For dei andre viser me kva verdien 1 tilsvarar (til dømes for variabelen kjønn, er verdien 1= kvinne, medan mann = 0).

Koeffisient: Den ustandardiserte koeffisienten som høyrer til variabelen etter regresjonsanalysen.

Konstantledd: Den gjennomsnittlege verdien til den avhengige variabelen, når alle dei uavhengige variablane har verdien 0

Logistisk regresjon: Analyseteknikk som er høveleg der den avhengige variabelen varierer mellom 0 og 1 (til dømes har gjort frivillig arbeid eller ikkje). Teknikken sikrar, gjennom logartmisk transformasjon, at koeffisientane ikkje predikerar verdiar som ligg utanfor den avhengige variabelen sitt intervall på 0 og 1.

Observasjonar: Talet på på respondentar som er med i analysen. Denne varierer etter kor mange som har gjeve informasjon til dei ulike variablane. For inntekt ser me til dømes at det er færre observasjonar enn for dei andre variablane. Dette skuldast at mange hadde manglande informasjon om inntekt, eller ikkje ville svare på dette.

Sannsyn: Omrekningar av dei ustandariserte logistiske koeffisientane til predikerte sannsyn

Samspelsledd: Måler effekten av ein variabel over tid. Til dømes i kva grad effekten av det å ha barn vert større eller mindre i dei ulike undersøkingane.

Signifikans: Seier noko om kor sikre me kan vere på at funna me gjer faktisk finst i røynda. Dersom noko er signifikant på 0,05 nivå seier me at det er sannsynleg at me har rett i 95 av 100 tilfeller. På same tid seier me at det er sannsynleg at me tek feil i 5 av 100 tilfelle. Då er det med andre ord 5 prosent sannsynleg at me kan ta feil.

Standardfeil: Standarfeilen til estimatet som seier noko om spreinga i materialet: «Når utvalget er stort, avvikene mellom faktiske og predikerte verdier små og sprendningen i forklaringsvariabelen stor, vil standardfeilen være lav og tilliten tile stimatet høy» (Midtbø 2007:92)

Variabel: Skildrar eigenskaper ved einingane/ respondentane.

Appendikstabell 4. Resultat frå bivariat logistisk regresjon av å ha utført i frivillig arbeid siste 12 månader (jamfør Figur 6) med alder som uavhengig variabel. Ustandardiserte koeffisientar med tilhøyrande standardfeil

Variabel	Kategori	Model 1		Modell 2	
		Koeffisient	Standardfeil	Koeffisient	Standardfeil
Konstantledd		0.013	0.066	-0.185	0.130
Alder	25-34 år	0.079	0.090	0.277	0.169
	35-49 år	0.582***	0.082	0.608***	0.160
	50-59 år	0.245***	0.091	0.263	0.185
	60-66 år	-0.007	0.102	0.020	0.232
	67 år +	-0.098	0.098	-0.241	0.207
Tid	2004			0.290	0.195
	2009			-0.197	0.191
	2014			0.606***	0.179
Samspjel: alder*tid	25-34 år *2004			-0.034	0.262
	25-34 år *2009			-0.325	0.256
	25-34 år *2014			-0.345	0.243
	35-49 år *2004			0.130	0.243
	35-49 år *2009			0.065	0.232
	35-49 år *2014			-0.142	0.223
	50-59 år *2004			0.165	0.277
	50-59 år *2009			0.157	0.263
	50-59 år *2014			-0.281	0.249
	60-66 år *2004			-0.124	0.331
	60-66 år *2009			0.304	0.304
	60-66 år *2014			-0.283	0.296
	67 år +*2004			0.105	0.308
	67 år +*2009			0.480*	0.290
	67 år +*2014			-0.074	0.266
Observasjonar		6,298		6,298	

Kjelde: Frivillig innsats 1998-201

Appendikstabell 5. Resultat frå bivariat logistisk regresjon av å ha utført i frivillig arbeid siste 12 månader (jamfør Tabell 13) med kjønn som uavhengig variabel. Ustandardiserte koeffisientar med tilhøyrande standardfeil

Variabel	Kategori	Model 1 med forklaringsvariabel		Modell 2 med tid og sampelesledd	
		Koeffisient	Standardfeil	Koeffisient	Standardfeil
Konstantledd		0.335***	0.036	0.189***	0.071
Kjønn	1=kvinne	-0.232***	0.050	-0.227**	0.098
Tid	2004			0.431***	0.111
	2009			-0.179*	0.100
	2014			0.374***	0.098
Samspel:	Kjønn*2004			-0.190	0.153
Kjønn*tid	Kjønn*2009			0.119	0.140
	Kjønn*2014			0.001	0.135
Observasjonar		6416		6416	

Kjelde: Frivillig innsats 1998-2014.

Appendikstabell 6. Resultat frå bivariat logistisk regresjon av å ha utført i frivillig arbeid siste 12 månader (jamfør Tabell 15) med barn i hushaldet som uavhengig variabel. Ustandardiserte koeffisientar med tilhøyrande standardfeil

Variabel	Kategori	Model 1 med forklaringsvariabel		Modell 2 med tid og sampelesledd	
		Koeffisient	Standardfeil	Koeffisient	Standardfeil
Konstantledd		0.047	0.031	-0.066	0.068
Barn	1=Barn	0.535***	0.055	0.403***	0.106
Tid	2004			0.216**	0.099
	2009			-0.133	0.093
	2014			0.314***	0.088
Samspel:	Barn*2004			0.385**	0.167
Barn*tid	Barn*2009			0.050	0.150
	Barn*2014			0.303**	0.151
Observasjonar		6206		6206	

Kjelde: Frivillig innsats 1998-2014.

Appendikstabell 7. Resultat frå bivariat logistisk regresjon av å ha utført i frivillig arbeid siste 12 månader (jamfør Tabell 14) med utdanning som uavhengig variabel. Ustandardiserte koeffisientar med tilhøyrande standardfeil

Variabel	Kategori	Model 1 med forklaringsvariabel		Modell 2 med tid og sampelesledd	
		Koeffisient	Standardfeil	Koeffisient	Standardfeil
Konstantledd		0.070**	0.030	-0.126**	0.059
Utdanning	1=Høg utdanning	0.471***	0.055	0.649***	0.108
Tid	2004			0.399***	0.089
	2009			-0.062	0.085
	2014			0.452***	0.082
Samspel:	Utdanning*2004			-0.113	0.175
Utdanning*tid	utdanning*2009			-0.224	0.152
	Utdanning*2014			-0.283*	0.147
Observasjonar		6416		6416	

Kjelde: Frivillig innsats 1998-2014.

Appendikstabell 8. Resultat frå bivariat logistisk regresjon av å ha utført i frivillig arbeid siste 12 månader (jamfør Tabell 16) med sivil status som uavhengig variabel. Ustandardiserte koeffisientar med tilhøyrande standardfeil

Variabel	Kategori	Model 1 med forklaringsvariabel		Modell 2 med tid og sampelesledd	
		Koeffisient	Standardfeil	Koeffisient	Standardfeil
Konstantledd		0.049	0.037	-0.137	0.089
Sivil status	1=Gift/reg. partner	0.308***	0.051	0.296***	0.106
Tid	2004			0.301**	0.120
	2009			-0.162	0.114
	2014			0.478***	0.109
Samspel:	Sivilstatus*2004			0.207	0.159
Sivilstatus*tid	Sivilstatus*2009			0.211	0.147
	Sivilstatus*2014			-0.075	0.142
Observasjonar		6394		6394	

Kjelde: Frivillig innsats 1998-2014.

Appendikstabell 9. Resultat frå bivariat logistisk regresjon av å ha utført i frivillig arbeid siste 12 månader (jamfør Figur 7) med hushaldets inntekt som uavhengig variabel. Ustandardiserte koeffisientar med tilhøyrande standardfeil

Variabel	Kategori	Model 1 med forklaringsvariabel		Modell 2 med forklaringsvariabel, tid og samspelsedd	
		Koeffisient	Standardfeil	Koeffisient	Standardfeil
Konstantledd		-0.146	0.110	0.251	0.178
Alder	150 - 300.000	-0.114	0.132	-0.470**	0.214
	300-500.00	0.191	0.122	0.054	0.198
	500-800.000	0.617***	0.122	0.261	0.212
	800.000- og mer	0.743***	0.121	-0.069	0.290
Tid	2004			-0.784***	0.273
	2009			-0.741**	0.342
	2014			-0.328	0.330
Samspel: alder*tid	150 - 300.000 *2004			0.978***	0.337
	150 - 300.000 *2009			0.318	0.391
	150 - 300.000 *2014			0.456	0.392
	300-500.00 *2004			0.764**	0.311
	300-500.00 *2009			0.084	0.366
	300-500.00 *2014			-0.099	0.363
	500-800.000 *2004			1.096***	0.316
	500-800.000 *2009			0.325	0.373
	500-800.000 *2014			0.343	0.363
	800.000- og mer *2004			1.638***	0.402
	800.000- og mer *2009			0.946**	0.422
	800.000- og mer *2014			0.817**	0.407
Observasjonar		5,921		5,921	

Appendikstabell 10. Resultat frå multippel logistisk regresjon av å ha utført i frivillig arbeid siste 12 månader (jamfør tabell Tabell 17). Ustandardiserte koeffisientar med tilhøyrande standardfeil

Variabel	Kategori	Koeffisient	Standardfeil
Konstantledd		-0.214**	0.104
Alder	25-34 år	-0.217**	0.099
	35-49 år	0.198**	0.095
	50-59 år	0.020	0.104
	60-66 år	-0.153	0.117
	67 år +	-0.193*	0.112
Kjønn	1=kvinne	-0.293***	0.053
Barn	1=har barn	0.260**	0.117
Utdanning	1= høg utdanning	0.652***	0.120
Sivil status	1= gift/ reg.partnar	0.248***	0.063
Tid	2004	0.377***	0.112
	2009	0.000	0.108
	2014	0.471***	0.104
Samspel: utdanning*tid	Utdanning*2004	-0.240	0.186
	Utdanning*2009	-0.277*	0.162
	Utdanning*2014	-0.372**	0.157
Samspel barn*tid	Barn*2004	0.311*	0.173
	Barn*2009	-0.037	0.157
	Barn*2014	0.292*	0.158
Observasjonar			6097

Kjelde: Frivillig innsats 1998-2014.

Appendikstabell 11. Resultat frå multippel logistisk regresjon av å ha utført i frivillig arbeid siste 12 månader, utanom idrettsorganisasjonar (jamfør Tabell 18). Ustandardiserte koeffisientar med tilhøyrande standardfeil

Variabel	Kategori	Koeffisient	Standardfeil
Konstantledd		-0.747***	0.111
Alder	25-34 år	-0.140	0.112
	35-49 år	0.058	0.108
	50-59 år	0.138	0.117
	60-66 år	0.112	0.128
	67 år +	0.067	0.122
Kjønn	1=kvinne	-0.096	0.060
Barn	1=har barn	0.021	0.080
Utdanning	1= høg utdanning	0.632***	0.136
Sivil status	1= gift/ reg.partner	0.204***	0.070
Tid	2004	0.433***	0.109
	2009	-0.021	0.107
	2014	0.482***	0.103
Samspel: utdanning*tid	Utdanning*2004	-0.117	0.205
	Utdanning*2009	-0.298	0.184
	Utdanning*2014	-0.350**	0.176
Observasjonar			4714

Kjelde: Frivillig innsats 1998-2014.

Appendikstabell 12. Resultat frå multippel logistisk regresjon av å ha utført i frivillig arbeid siste 12 månader for ein idrettsorganisasjon (jamfør Tabell 19). Ustandardiserte koeffisientar med tilhøyrande standardfeil

Variabel	Kategori	Koeffisient	Standar dfeil
Konstantledd		-1.405***	0.129
Alder	25-34 år	-0.329***	0.124
	35-49 år	0.238**	0.113
	50-59 år	-0.319**	0.133
	60-66 år	-0.935***	0.176
	67 år +	-0.966***	0.170
Kjønn	1=kvinne	-0.577***	0.066
Barn	1=har barn	0.620***	0.139
Utdanning	1= høg utdanning	0.235***	0.078
Sivil status	1= gift/ reg.partnar	0.237***	0.070
Tid	2004	0.124	0.142
	2009	-0.260*	0.143
	2014	0.286**	0.127
Samspel: barn*tid	Barn*2004	0.261	0.196
	Barn*2009	0.482**	0.192
	Barn*2014	0.247	0.178
Observasjonar			6098

Kjelde: Frivillig innsats 1998-2014.

Appendikstabell 13. Resultat frå multippel logistisk regresjon av å ha utført i frivillig arbeid siste 12 månader for ein velforeining (jamfør Tabell 20). Ustandardiserte koeffisientar med tilhøyrande standardfeil

Variabel	Kategori	Koeffisient	Standar dfeil
Konstantledd		-2.229***	0.161
Alder	25-34 år	0.451**	0.184
	35-49 år	0.681***	0.171
	50-59 år	0.764***	0.182
	60-66 år	0.594***	0.203
	67 år +	0.445**	0.202
Kjønn	1=kvinne	-0.409***	0.082
Barn	1=har barn	0.444***	0.106
Utdanning	1= høg utdanning	0.009	0.088
Sivil status	1= gift/ reg.partnar	0.358***	0.094
Tid	2009	-0.444***	0.108
	2014	0.001	0.098
Observasjonar			4701

Kjelde: Frivillig innsats 1998-2014.

Appendikstabell 14. Resultat frå multippel logistisk regresjon av å ha utført i frivillig arbeid siste 12 månader for ein hobby-og fritidsorganisasjon (jamfør Tabell 21). Ustandardiserte koeffisientar med tilhøyrande standardfeil

Variabel	Kategori	Koeffisient	Standardfeil
Konstantledd		-1.710***	0.157
Alder	25-34 år	-0.255*	0.150
	35-49 år	0.073	0.137
	50-59 år	0.079	0.148
	60-66 år	-0.012	0.167
	67 år +	0.416***	0.153
Kjønn	1=kvinne	-1.211***	0.197
Barn	1=har barn	-0.403**	0.198
Utdanning	1= høg utdanning	0.031	0.081
Sivil status	1= gift/ reg.partnar	0.205**	0.087
Tid	2004	0.220	0.169
	2009	-0.229	0.172
	2014	0.037	0.158
Samspel: kjønn*tid	Kjønn*2004	0.970***	0.244
	Kjønn*2009	1.068***	0.249
	Kjønn*2014	0.906***	0.234
Samspel barn*tid	Barn*2004	0.634***	0.243
	Barn*2009	0.117	0.255
	Barn*2014	0.466**	0.236
Observasjonar			6097

Kjelde: Frivillig innsats 1998-2014.

Appendikstabell 15. Resultat frå multippel logistisk regresjon av å ha utført i frivillig arbeid siste 12 månader for ein kunst- og kulturorganisasjon (jamfør Tabell 23). Ustandardiserte koeffisientar med tilhøyrande standardfeil

Variabel	Kategori	Koeffisient	Standardfeil
Konstantledd		-2.872***	0.175
Alder	25-34 år	-0.232	0.175
	35-49 år	0.438***	0.154
	50-59 år	0.357**	0.168
	60-66 år	-0.085	0.202
	67 år +	0.008	0.190
Kjønn	1=kvinne	0.103	0.082
Barn	1=har barn	0.097	0.104
Utdanning	1= høg utdanning	0.697***	0.183
Sivil status	1= gift/ reg.partnar	0.171*	0.096
Tid	2004	0.299*	0.169
	2009	0.269	0.165
	2014	0.585***	0.154
	Samspel: utdanning*tid	-0.339	0.269
	Utdanning*2009	-0.189	0.243
	Utdanning*2014	-0.603***	0.232
Observasjonar			6098

Kjelde: Frivillig innsats 1998-2014.

Appendikstabell 16. Resultat frå multippel logistisk regresjon av å ha utført i frivillig arbeid siste 12 månader for ein helse- og/eller sosialorganisasjon. Ustandardiserte koeffisientar med tilhøyrande standardfeil

Variabel	Kategori	Koeffisient	Standardfeil
Konstantledd		-2.546***	0.155
Alder	25-34 år	-0.281	0.174
	35-49 år	-0.030	0.158
	50-59 år	-0.092	0.176
	60-66 år	0.147	0.191
	67 år +	0.188	0.181
Kjønn	1=kvinne	0.157*	0.088
Barn	1=har barn	0.072	0.115
Utdanning	1= høg utdanning	-0.018	0.098
Sivil status	1= gift/ reg.partnar	0.152	0.104
Tid	2004	0.361***	0.134
	2009	-0.070	0.137
	2014	0.261**	0.126
Observasjonar			6097

Kjelde: Frivillig innsats 1998-2014.

Appendikstabell 17. Resultat frå multippel regresjon (OLS) antal timer utført frivillig arbeid siste 4 veker (jamfør Tabell 24). Ustandardiserte koeffisientar med tilhøyrande standardfeil

Variabel	Kategori	Koeffisient	Standardfeil
Konstantledd		15.825***	1.210
Alder	25-34 år	-1.288	1.350
	35-49 år	-0.366	1.255
	50-59 år	-0.426	1.376
	60-66 år	0.149	1.566
	67 år +	0.497	1.503
Kjønn	1=kvinne	-2.672***	0.653
Barn	1=har barn	-1.101	0.844
Utdanning	1= høg utdanning	0.414	0.685
Sivil status	1= gift/ reg.partner	0.180	0.782
Tid	2004	0.220	1.031
	2009	0.383	0.968
	2014	0.686	0.897
Observasjonar			2093

Kjelde: Frivillig innsats 1998-2014.

Appendikstabell 18. frå multippel logistisk regresjon av å vere kjernefrivillig (jamfør Tabell 25). Ustandardiserte koeffisientar med tilhøyrande standardfeil

Variabel	Kategori	Koeffisient	Standardfeil
Konstantledd		0.324	0.184
Alder	25-34 år	-0.259	0.191
	35-49 år	-0.052	0.176
	50-59 år	0.059	0.192
	60-66 år	0.107	0.218
	67 år +	0.130	0.211
Kjønn	1=kvinne	-0.113*	0.091
Barn	1=har barn	-0.631***	0.204
Utdanning	1= høg utdanning	0.062	0.096
Sivil status	1= gift/ reg.partner	0.083	0.108
Tid	2004	-0.544***	0.195
	2009	-0.484***	0.180
	2014	-0.549***	0.162
Samspel barn*tid	Barn*2004	0.973***	0.285
	Barn*2009	0.682**	0.267
	Barn*2014	0.822***	0.249
Observasjonar			2026

Kjelde: Frivillig innsats 1998-2014.

*Appendikstabell 19. frå multippel logistisk regresjon av å vere medlem.
Ustandardiserte koeffisientar med tilhøyrande standardfeil*

Variabel	Kategori	Koeffisient	Standar dfeil
Konstantledd		1.834***	0.165
Alder	25-34 år	0.265	0.164
	35-49 år	0.234	0.153
	50-59 år	0.568***	0.161
	60-66 år	0.514***	0.188
	67 år +	0.872***	0.183
Kjønn	1=kvinne	-0.281***	0.085
Barn	1=har barn	-0.209**	0.105
Utdanning	1= høg utdanning	0.365***	0.091
Tid	2009	-0.214	0.159
	2014	-1.000***	0.131
Observasjonar			3761

Kjelde: Frivillig innsats 1998, 2009 og 2014 (Respons)

Referansar

- Abraham, Katharine G., Sara Helms & Stanley Presser (2009). How Social Processes Distort Measurement: The Impact of Survey Nonresponse on Estimates of Volunteer Work in the United States. *American Journal of Sociology*, 114 (4), 1129-1165.
- Arnesen, Daniel (2015). *Undersøkelsene om frivillig innsats 1998-2014. Dokumentasjonsrapport*. . Rapport 3/2015. Bergen/Oslo: Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.
- Bakken, Anders (2014). *Ungdata: Nasjonale resultater 2013*. Oslo: Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring.
- Bekkers, Rene, Theo Schuyt & Barbara M. Gouwenberg (2015). *Geven in Nederland 2015. Giften, Legaten, Sponsoring en Vrijwilligerswerk*. Amsterdam: Reed Business.
- Bernstein, Robert; Anita Chadha & Robert Montjoy (2001). Overreporting Voting - Why it Happens and Why it Matters. *Public Opinion Quarterly*, 65(1), 22-44.
- Christensen, Dag Arne; Kristin Strømsnes og Dag Wollebæk (2011). *Organisasjonene i Hordaland 1999-2009*. Rapport 3/2011. Bergen/Oslo: Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.
- Christensen, Dag Arne & Sveinung Arnesen (2013). "Deltakelse ved kommunestyrevalget 2011" I Johannes Bergh og Dag Arne Christensen (red.) *Et robust lokaldemokrati – lokalvalget i skyggen av 22. juli 2011*. Oslo: Abstrakt forlag AS.
- Dillman, Don. A., & Leah Melani Christian (2005). Survey mode as a source of instability in responses across surveys. *Field methods*, 17(1), 30-52.
- Eimhjellen, Ivar & Kristian Mjåland (2012). Frå Frisam, Frivillighetens Samarbeidsorgan, til Frivillighet Norge. I Per Selle og Kristin Strømsnes (red.) *Organisasjonene og det offentlige. Har vi fått en ny frivillighetspolitikk?* Rapport 6/2012. Bergen/Oslo: Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.
- Enjolras, Bernard & Dag Wollebæk (2010). *Frivillige organisasjoner, sosial utjevning og inkludering*. Rapport 2/2010. Bergen/Oslo: Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.

- Essen, Johan von, Magnus Jegermalm og Lars Svedberg (2015). *Folk i rörelse – Medborgerligt engagemang 1992-2014*. Stockholm: Ersta Sköndal Högskola.
- Fridberg, Torben & Lars Skov Henriksen (red.) (2014). *Udviklingen i frivilligt arbejde 2004-2012*. Rapport 9/2014. København: Det nationale forskningscenter for velfærd.
- Hellevik, Ottar (2015). Hva betyr respondentbortfallet i intervjuundersøkelser? *Tidsskrift for samfunnsforskning*, 56 (2), 211-231.
- Henriksen, Lars Skov (2015). Skandinavisk frivillighet ved en korsvej? I Johan von Essen, Magnus Karlsson, Lena Blomquist, Emilia Forsell og Lars Trägårdh (red.) *Med kärlek till det oordnade*. Stockholm: Ersta Sköndal högskola.
- Lorentzen, Håkon (2012). *Frivilligsentralen i nærmiljøet: konkurrent eller katalysator?* Oslo: Institutt for samfunnsforskning.
- Midtbø, Tor (2007). *Regresjonsanalyse for samfunnsvitere: med eksempler i SPSS*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Mitchell, Michael N. (2012). *Interpreting and visualizing regression models using Stata*. College Station, Tex.: Stata.
- NFF Statistikk Breddefotball 2014. Tilgjengeleg på <http://www.fotball.no/nff/NFF-nyheter/2015/Statistikk-breddefotball-2014/>
- Olsen, Johan P. & Harald Sætren (1980). *Aksjoner og demokrati*. Bergen: Universitetsforlaget.
- PEW Research Center (2012). Assessing the Representativeness of Public Opinion Surveys. Tilgjengeleg på <http://www.people-press.org/2012/05/15/assessing-the-representativeness-of-public-opinion-surveys/>
- Ringdal, Kristen (2001). *Enhet og mangfold: Samfunnsvitenskapelig forskning og kvantitativ metode*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Saglie, Jo & Signe Boch Seggaard (2013). *Grenseløs frivillig foreldreinnsats? En dokumentasjonsrapport*. Rapport 3/2013. Bergen/Oslo: Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.
- Selle, Per (2008). Forståinga av sivilsamfunnet. Er det berre opp til augo som ser? *Tidsskrift for samfunnsforskning*, 49(4), 613-628.
- Selle, Per & Kristin Strømsnes (red.) (2012). *Organisasjonene og det offentlige. Har vi fått en ny frivillighetspolitikk?* Rapport 6/2012. Bergen/Oslo: Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.
- Sivesind, Karl Henrik (2007). *Frivillig sektor i Norge 1997-2004: Frivillig arbeid, medlemskap, sysselsetting og økonomi*. Oslo: Institutt for samfunnsforskning.
- Togeby, Lise (2003). *Fra fremmedarbejdere til etniske minoriteter*. Århus: Aarhus Universitetsforlag.
- Trägårdh, Lars (2008). *Det civila samhällets karriär som vetenskapligt och politiskt begrepp i Sverige*. *Tidsskrift for samfunnsforskning*, 49(4), s.575-594.

- Verba, Sidney, Kay Lehman Schlozman & Henry E. Brady (1995). *Voice and equality: civic voluntarism in American politics*. Cambridge, Massachusetts/London: Harvard University Press.
- Von Essen, Johan; Magnus Jegermalm & Lars Svedberg (2015). *Folk i rörelse – medborgerligt engagemang 1992-2014*. Stockholm: Ersta Sköndal högskola.
- Wollebæk, Dag, Per Selle & Håkon Lorentzen (2000). *Frivillig innsats*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Wollebæk, Dag & Karl-Henrik Sivesind (2010). *Fra folkebevegelse til filantropi? Frivillig innsats i Norge 1997-2009*. Rapport 3/2010. Bergen/Oslo: Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.
- Wollebæk, Dag, Synne Sætrang & Audun Fladmoe (2015). *Betingelser for frivillig innsats. Motivasjon og kontekst*. Rapport 1/2015. Bergen/Oslo: Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.
- Wollebæk, Dag; Bjarne Ibsen & Martti Siisiäinen (2010). Voluntary Associations at the Local Level in Three Nordic Countries. I Risto Alapuro og Henrik Stenius (red.) *Nordic Associations in a European Perspective*. Baden-Baden: Nomos Verlag.

Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor

Samandrag/Abstract

Forfatter/Author Bjarte Folkestad Dag Arne Christensen Kristin Strømsnes Per Selle
Tittel/Title Frivillig innsats i Noreg 1998-2014/ Voluntary work in Norway 1998-2014
Sammendrag Basert på undersøkingar om frivillig innsats frå 1998-2014 analyserer denne rapporten nivået og omfanget av frivillig arbeid i Noreg, samt kva som kjenneteikner dei som deltek. Rapporten fokuserer særskilt på endringar over tid. Rapporten viser eit frivilligfelt som er prega både av stabilitet og endring. Me finn stabilitet knytt til at nivået er høgt, både målt i talet på frivillige, i tidsbruk og i omfanget av kjernefrivillige, og me finn stabilitet knytt til at fordelinga mellom organisasjonstypane er nokså lik. Det er også framleis slik at aktivitet er knytt til sosiale ressursar. Menn deltek frivillig i større grad enn kvinner, det er flest i aldersgruppa 35-49 år som deltek, og både høg inntekt, høg utdanning og det å vere gift bidreg til eit høgare nivå av frivillig innsats. På den andre sida har me peika på viktige endringstrekk når det gjeld medlemsrolla, der det er færre no en tidlegare som er medlemmar av organisasjonen eller organisasjonane dei utfører frivillig arbeid for. Me ser også tendensar til ein aukande differensiering, der den einskilde i større grad spreier det frivillige engasjementet sitt på fleire organisasjonar. Likeeins finn me viktige endringar knytt til at fleire av dei som har barn i hushaldet deltek frivillig no enn det som var tilfelle tidlegare, og at skilnadane mellom dei med høg og låg utdanning vert mindre over tid.
Emneord Frivillig arbeid, frivillig sektor, sosial bakgrunn
Abstract Based on national surveys gathered between 1998 and 2014 this report analyzes the level and scope of voluntary work in Norway, as well as the key characteristics of the voluntary participants. The report focuses especially on changes over time. The results from the analysis show that the voluntary sector in Norway is

characterized by both stability and change. We find stability when it comes to the level of participation, measured as the number of volunteers, time spent on volunteering and the size of the «core-group» in the voluntary sector. Voluntary participation is still related to social resources. Men participate more than women, and there are more participants in the age group from 35 to 49. Also high income, high education and being married/partner separate the volunteers from those who do not take part in volunteering. On the other hand we also find important changes when it comes to the role of membership. Fewer people are now also member of the organization they do their voluntary work for. We also find an increased differentiation in that more people are spreading their voluntary participation on several organizations. Furthermore we find that people with kids in their households participate more over time. Finally, the differences between highly educated participant and lowly educated are less prevalent in 2014 compared to 1998

Index terms

Voluntary work, voluntary sector, social background

Basert på undersøkingar om frivillig innsats frå 1998–2014 analyserer denne rapporten nivået og omfanget av frivillig arbeid i Noreg, samt kva som kjenneteikner dei som deltek. Rapporten fokuserer særskilt på endringar over tid. Rapporten viser eit frivilligfelt som er prega både av stabilitet og endring. Me finn stabilitet knytt til at nivået er høgt, både målt i talet på frivillige, i tidsbruk og i omfanget av kjernefrivillige, og me finn stabilitet knytt til at fordelinga mellom organisasjonstypane er nokså lik.

Det er også framleis slik at aktivitet er knytt til sosiale ressursar. Menn deltek frivillig i større grad enn kvinner, det er flest i aldersgruppa 35–49 år som deltek, og både høg inntekt, høg utdanning og det å vere gift bidreg til eit høgare nivå av frivillig innsats.

På den andre sida peikar rapporten på viktige endringstrekk når det gjeld medlemsrolla, der det er færre no en tidlegare som er medlemmar av organisasjonen eller organisasjonane dei utfører frivillig arbeid for. Me ser også tendensar til ein aukande differensiering, der den einskilde i større grad spreier det frivillige engasjementet sitt på fleire organisasjonar. Likeeins finn me viktige endringar knytt til at fleire av dei som har barn i hushaldet deltek frivillig no enn det som var tilfelle tidlegare, og at skilnadane mellom dei med høg og låg utdanning vert mindre over tid.

ISBN (Print): 978-82-7763-479-1
ISBN (Online): 978-82-7763-480-7

ISSN (Print): 1891-2168
ISSN (Online): 1891-2176

Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor
c/o ISF
Munthes gate 31
Pb. 3233 Elisenberg
0208 Oslo
Tlf 23 08 61 00

www.sivilsamfunn.no